

Møteinnkalling

Utval:	Hordaland fagskulestyre
Møtestad:	Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset
Dato:	06.04.2018
Tid:	09:00

Det blir med dette kalla inn til styremøte i Hordaland Fagskulestyre

Dato: Fredag 6. april kl. 09.00

Stad: Fylkesbygget, fylkesutvalsalen, 3. etasje

Program:

- Kl. 09.00 Informasjon om møtegodtgjersle m.m.
v/spesialkonsulent Gunbjørg S. Hanssen
- Kl. 09.30 Handsaming styresaker
- Kl. 11.00 Lunsj i kantina

Dersom nokon av styret sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Hordaland fagskulestyre. Ved eventuelle forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Rektor ved Fagskolen i Hordaland kan møta på møta i Hordaland fagskulestyre. Rektor må også melde forfall dersom han ikkje møter.

Roald Kvamme
styreleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 8/18	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 9/18	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 10/18	Referatsaker (meldingar)		
RS 2/18	Prop. 47 L (2017–2018) Lov om fagskoleutdanning (fagskulelova)	2015/11453	
RS 3/18	NOKUT-godkjenningar ved Fagskolen i Hordaland	2015/11453	
RS 4/18	Ny tilsettere representant i styret for Fagskolen i Hordaland	2015/11453	
PS 11/18	Oppdatering av kvalitetssystem for Fagskolen i Hordaland	2015/11453	
PS 12/18	Årsrekneskap og årsmelding for Fagskolane i Hordaland 2017	2015/11453	
PS 13/18	Ymse		

PS 8/18 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

PS 9/18 Godkjenning møtebok forrige møte

PS 10/18 Referatsaker (meldingar)



Notat

Dato: 18.03.2018
Arkivsak: 2015/11453-125
Saksbehandlar: adelan

Til: Styret for Fagskolen i Hordaland

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Prop. 47 L (2017–2018) Lov om fagskoleutdanning (fagskulelova)

Prop. 46 L (2017-2018) Lov om fagskoleutdanning (fagskulelova) vart lagt fram i satsråd 16. mars 2018, og kan lesast her:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-47-l-20172018/id2593609/>



Notat

Dato: 13.03.2018
Arkivsak: 2015/11453-121
Saksbehandlar: adelan

Til: Styret for Fagskolen i Hordaland

Frå: Fylkesdirektør opplæring

NOKUT-godkjenningar ved Fagskolen i Hordaland

Fagskolen i Hordaland har fått godkjent fagskuleutdanningane «Lokal matkultur» og «CNC og robotteknologi».

Lokal matkultur vart godkjent 14.09.2017 med følgjande vedtak:

«NOKUT vurderer dei faglege krava for godkjenning av lokal matkultur, 120 fagskolepoeng stadbasert undervisning og nettbasert undervisning med samlingar, ved Fagskolane i Hordaland som oppfylt. NOKUT godkjenner derfor utdanninga.

Vedtaket gjeld utdanninga som er beskrive i søknaden av 1. mars 2017 og i tilsynsrapporten.

Vedtaket gjeld for nettbasert undervisning med samlingar og stadbasert undervisning ved studiestaden Hjeltnes.

Vedtaket er fattet med heimel i

- lov om fagskoleutdanning § 2
- forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høgere utdanning og fagskoleutdanning § 5-1 (1)»

Sjå vedlegg 1 for meir informasjon om godkjenninga.

CNC og robotteknologi vart godkjent 06.11.2017 med følgjande vedtak:

«NOKUT anser de faglige kravene for godkjenning av CNC og robotteknologi, 120 fagskolepoeng nettbasert undervisning med samlinger, ved Fagskolen i Hordaland som oppfylt. NOKUT godkjenner derfor utdanningen.

Vedtaket gjelder utdanningen som er beskrevet i søknaden til fristen 1. mars 2017 og i tilsynsrapporten.

Vedtaket gjelder for studiestedet Fagskolen i Hordaland (Bergen).

Vedtaket er fattet med hjemmel i

- lov om fagskoleutdanning § 2
- forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning § 5-1 (1)».

Sjå vedlegg 2 for meir informasjon om godkjenninga.

Fagskolen i Hordaland
Pb.1876
5817 BERGEN

Saksbehandler: Anna Collard

Vår ref: 17/01103-8

Vår dato: 14.09.2017

Deres ref:

Deres dato:

Fagskolane i Hordaland - Vedtak om godkjenning av fagskoleutdanninga Lokal matkultur- Stadbasert og Nettbasert med samlingar - 120 fagskolepoeng

Vi viser til søknaden om godkjenning av fagskoleutdanninga *lokal matkultur*.

NOKUT har godkjent dei administrative sidene ved utdanninga

Systemet for kvalitetssikring er godkjent. Styringsordninga og forskrifta er i hovudsak tilfredsstillande. De kan ikkje krevje at ein skriftleg klage skal innehalde grunngjeving for klagen (slik det står i § 5-2 (5)). Det kan stå at klagen bør innehalde ei grunngjeving for klagen, men dette kan ikkje vere eit krav. Vi gjorde dessverre ikkje tilbydar oppmerksom på denne mangelen i den innleiande vurderinga. Vi stoppar ikkje søknaden på grunn av denne mangelen, men set som vilkår at tilbydar endrar kravet § 5-2 (5) i forskrifta.

Vedtak

NOKUT vurderer dei faglege krava for godkjenning av *lokal matkultur*, 120 fagskolepoeng stadbasert undervisning og nettbasert undervisning med samlingar, ved Fagskolane i Hordaland som oppfylt. NOKUT godkjenner derfor utdanninga.

Vedtaket gjeld utdanninga som er beskrive i søknaden av 1. mars 2017 og i tilsynsrapporten.

Vedtaket gjeld for nettbasert undervisning med samlingar og stadbasert undervisning ved studiestadet Hjeltnes.

Vedtaket er fatta med heimel i

- lov om fagskoleutdanning § 2
- forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høgere utdanning og fagskoleutdanning § 5-1 (1)

Bakgrunn for vedtaket

Vi har fatta vedtak om godkjenning basert på vår vurdering av dei administrative sidene ved utdanninga, den sakkunnige rapporten, tilsvaret deira og tilleggsvurderingen frå dei sakkunnige.

Godkjenninga har som vilkår at de startar opp utdanninga innan to år

Godkjenninga er gyldig frå vedtaksdatoen. Det er eit vilkår for godkjenninga at de startar opp utdanninga innan to år frå vedtaksdatoen. Dersom de ikkje har starta opp utdanninga innan to år, vil de miste godkjenninga.

De kan søkje om endringar i den godkjente utdanninga

NOKUT forventar at de følgjer opp råda i den vedlagte rapporten i den vidare utviklinga av utdanninga. Dersom de gjer endringar i det samla læringsutbyttet til utdanninga, må de søkje NOKUT om godkjenning av endringane jf. fagskoletilsynsforskriften § 3-8. Dersom de elles gjer endringar som gjer at utdanninga avvik vesentleg frå det som er godkjent, må de også søkje om å få godkjent desse endringane. Ta kontakt med NOKUT dersom de er i tvil om de må søkje om godkjenning for endringane de gjer.

De kan velje om de vil tilby utdanninga på heiltid eller deltid

Dersom utdanninga er godkjent som heiltidsstudium, kan de også tilby den som deltidsstudium ved same studiestad utan å søkje NOKUT. På same måte kan de tilby eit godkjent deltidsstudium som heiltidsstudium ved same studiestad. Begge desse endringane har som vilkår at de følgjer same undervisningsmodell, og at utdanninga elles er i samsvar med godkjenninga.

De må rapportere til Statistisk sentralbyrå og DBH Fagskolestatistikk

Statistisk sentralbyrå (SSB) vil tildele denne utdanninga ein NUS-kode. De skal bruke koden i all rapportering til SSB og til DBH Fagskolestatistikk.

Viktige datoar for neste søknadsrunde

Neste søkjerkurs er 30. oktober og 3. november 2017. Sjå våre nettsider for meir informasjon og påmelding. Neste søknadsfrist er 15. september 2017.

Med helsing

Øystein Lund
avdelingsdirektør

Helén Sophie Haugen
Seksjonssjef akkrediteringsseksjonen

Dokumentet er elektronisk signert.


Kopi til: Fagskolen i Hordaland v/Torbjørn Tvedt
Det kongelige kunnskapsdepartement
Statens lånekasse for utdanning
Statistisk sentralbyrå Seksjon for utdanningsstatistikk
ANDERS NOME
Eldbjørg Fossgard
Anne Breen

Vedlegg: 17-01103_Fagskolane i Hordaland_Lokal matkultur_tilsynsrapport

Lokal matkultur

Fagskolane i Hordaland

September 2017



NOKUT kontrollerer og bidrar til kvalitetsutvikling ved fagskolene. Dette gjer vi mellom anna ved å godkjenne nye fagskoletilbud. Fagskoleutdanning er ein yrkesretta utdanning på eit halvt til to år, som byggjer på vidaregåande skole eller tilsvarande realkompetanse. Nemninga fagskoleutdanning er beskytta gjennom fagskoleloven. For å kunne bruke nemninga fagskoleutdanning, må utdanningstilbodet være godkjent av NOKUT. Alle fagskoletilbud må tilfredsstillе nasjonale kvalitetsstandardar. NOKUT godkjenner også institusjonanes interne system for kvalitetssikring.

Tilbydar/Utdanningsstad:	Fagskolane i Hordaland
Namn på utdanningstilbodet:	Lokal matkultur
Nivå/fagskolepoeng:	120
Undervisningsform:	Stadbasert og nettbasert med samlingar
Sakkunnige:	Eldbjørg Fossgard, Anne Breen og Anders Nome
Dato for vedtak:	14. september 2017

NOKUT sitt saksnummer:	17/01103
-------------------------------	----------

Forord

Fagskoleutdanning er yrkesretta utdanning som bygger på fullført vidaregåande opplæring eller tilsvarande realkompetanse. Ei fagskoleutdanning har eit omfang på minst eit halvt år og maksimalt to år som heiltidsutdanning. Nemninga *fagskoleutdanning* er beskytta gjennom fagskoleloven. For å kunne bruke nemninga, må utdanninga være godkjent av NOKUT.

Vurderingsprosessen startar med at ein tilbydar søker NOKUT om godkjenning av ei utdanning. NOKUT gjer først ei innleiande vurdering for å avklare om føresetnadene er til stades for vidare behandling, jf. fagskoleforskriften § 3-1. I den innleiande vurderinga ser NOKUT mellom anna på om tilbydar oppfyller krava til ei styringsordning og eit reglement som er tilfredsstillande og eit system for kvalitetssikring som er godkjent.

Søknader som tilfredsstillir føresetnadene for behandling blir vurdert av eksterne, uavhengige sakkunnige oppnemnd av NOKUT. Dei sakkunnige vurderer søknaden opp mot krava i fagskoletilsynsforskriften kapittel 3.

Til den sakkunnige vurderinga har NOKUT oppnemnt:

- Anne Breen
- Eldbjørg Fossgard
- Anders Nome

Når dei sakkunnige har funne at eit eller fleire av dei faglege kriteria ikkje er oppfylt(e) på ein tilfredsstillande måte, sendast eit rapportutkast (kapittel 3 i denne rapporten) til tilbydar for kommentarar. Tilbydar kan da påpeike manglar eller misforståingar i innstillinga til dei sakkunnige. NOKUT tillèt i tillegg mindre justeringar. Dei sakkunnige vurderer tilbakemeldinga frå tilbydar, før NOKUT konkluderer og fattar endeleg vedtak.

NOKUT har konkludert med at søknaden tilfredsstillir krava for godkjenning av fagskoleutdanning. I denne rapporten har vi samla alle vurderingane som dannar grunnlag for godkjenninga av utdanninga. Tilbydar er forplikta til å gjennomføre utdanninga slik det går fram av denne rapporten og søknaden som ligg til grunn.

Lokal matkultur ved Fagskolane i Hordaland tilfredsstillir NOKUT sine krav til utdanningskvalitet og er godkjent i vedtak av 14. september 2017.

NOKUT, 14. september 2017

Terje Mørland
direktør

Innhold

1	Informasjon om søkeren	1
1.1	Informasjon om tilbyder og utdanninga	1
2	Innleiende vurdering	2
2.1	Oppsummering	2
2.2	Konklusjon etter innleiende vurdering	2
3	Sakkunnig vurdering av utdanninga	3
3.1	Oppsummering	3
3.2	Grunnleggende forutsetninger for å tilby fagskoleutdanning (§ 3-1).....	4
3.3	Læringsutbytte (§ 3-2).....	6
3.4	Utdanningens innhold og oppbygning (§3-3).....	7
3.5	Undervisningsformer og læringsaktiviteter (§ 3-4).....	13
3.6	Fagmiljøet tilknyttet utdanningen (§ 3-5).....	17
3.7	Eksamen og sensur (§ 3-6)	20
3.8	Infrastruktur (§ 3-7).....	21
3.9	Konklusjon etter sakkunnig vurdering	22
4	Tilsvarsrunde.....	24
4.1	Søkjarens tilbakemelding	24
4.2	Sakkunnig tilleggsvurdering.....	27
4.3	Endeleg konklusjon frå sakkunnig komité	28
4.4	NOKUTs administrative tilleggsvurdering av grunnleggende forutsetninger	28
5	Vedtak	28
6	Dokumentasjon	29
	Vedlegg 1:.....	30

1 Informasjon om søkeren

1.1 Informasjon om tilbyder og utdanninga

Fagskolane i Hordaland søkte NOKUT 1. mars 2017 om godkjenning av *lokal matkultur* som fagskoleutdanning. Utdanninga er på 120 fagskolepoeng, på heiltid over to år og på deltid over tre år. Tilbydar søker godkjenning for undervisningsformene stadbasert og nettbasert med samlingar, og den stadbaserte undervisninga vil finne stad på Fagskolen i Hordaland, studiestad Nordnes. Det er søkt godkjenning for inntil 30 studentar.

Fagskolane i Hordaland har allereie 30 godkjente fagskoleutdanningar:

- Akvakultur
- Anlegg
- Arboristfag
- Automatisering
- Boring
- Boring – spesialisering CETOP nivå 1 og 2
- Bygg
- Datateknikk
- Dekksoffiser på ledelsesnivå
- Dekksoffiser på operativt nivå
- Elektronikk
- Elkraft
- Havbunnsinstallasjoner
- Havbunnsinstallasjoner – spesialisering CETOP nivå 1 og 2
- Helse, aldring og aktiv omsorg
- Kjemi - Prosess
- Klima, energi og miljø i bygg
- Klima, energi og miljø i bygg (KEM) med spesialisering tak og fasade
- Kreftomsorg og lindrande pleie
- Livsstils- og kroniske sykdommer
- Maskinoffiser på ledelsesnivå
- Maskinoffiser på operativt nivå
- Maskinteknikk
- Maskinteknikk med ISO-fag
- Prosess
- Psykisk helsearbeid
- Psykisk helsearbeid og rusarbeid
- Rehabilitering
- Rus og avhengighetsproblematikk
- Spesialreinhald og steriltforsyning i helsetenesta

NOKUT har gjennomgått heimesida til tilbyder, www.hordaland.no/fagskole. Tilbydar gir ikkje informasjon om utdanninga som dei har søkt godkjenning for på heimesidene.

2 Innleiande vurdering

Teksten i dette kapitlet er NOKUT si administrative vurdering av dei grunnleggande føresetnadene som må være oppfylt for kunne tilby fagskoleutdanning. Nokre av krava blir vurdert både av administrasjonen i NOKUT, og den sakkunnige komiteen. Der det står «vi» i kapittel 2, er det eit uttrykk for NOKUT si administrasjon. Paragrafane i parentes i overskriftene viser til tilsvarande paragrafar i fagskoletilsynsforskrifta. Teksten i boksane er frå fagskoletilsynsforskrifta.

Vi gjer oppmerksom på at vurderinga av tidlegare godkjente kvalitetssikringssystem, styringsordningar og reglement vil vere avgrensa. NOKUT kan derfor seinare peike på feil og manglar dersom vi ved eit framtidig gjennomsyn avdekkar det, sjølv om vi i denne søknadsrunden skulle finne at kvalitetssikringssystem, styringsordningar og/eller reglement tilfredsstillar krava.

Denne rapporten er skriven på nynorsk, med unntak av tekstar som er direkte sitat, eller som tydeleg viser til forskriftstekstar som er publiserte på bokmål. Dette er for å unngå mistydingar eller feiltolkingar av krav i forskrifta.

2.1 Oppsummering

Tilbydar oppfyller ikkje på ein tilfredsstillande måte alle krava i fagskoleloven. Vi ser at dette er ein konsekvens av lovendringa som trådte i kraft 1. juli 2016. Til søknadsfristen 1. mars 2017 informerte NOKUT om at søkarane måtte ha utkast til forskrift, styrevedtekter, lokal klagenemnd og ein instruks for klagenemnda, for at søknadene skulle bli tatt til behandling. Vi informerte om at søknader med eventuelle manglar i forskrifta ikkje skulle bli stoppa etter innleiande vurdering, men sendast til sakkunnig vurdering. For at vi skal kunne fatte vedtak om godkjenning må tilbydar oppfylle alle krava på ein tilfredsstillande måte i løpet av søknadsbehandlinga.

I forslaget om sakkunnige (17/01103-2) skreiv vi at «Vi har vurdert om dere har rettet dere etter endringene i fagskoleloven som trådte i kraft 1. juli 2016, se vurderingen dere har fått tilsendt 5. april 2017, i forbindelse med søknad om godkjenning av *CNC og robotteknologi*, (sak 17/01104).». Nedanfor gjentar vi konklusjonen frå den innleiande vurderinga i dokumentet 17/01104-2:

2.2 Konklusjon etter innleiende vurdering

«Søknaden går vidare til sakkyndig vurdering, men for å få vedtak om godkjenning må tilbydar

- fjerne “§ 2-3 Spesielle opptakskrav”
- fjerne “§ 6-1 Mindre endringar i forskrifta”
- la det fremgå av *Instruks for klagenemnd for Fagskolane i Hordaland* at nemndas leder og vara ikke kan være ansatt ved institusjonen

Tilbydar bør

- endre “§ 3-3 Skikkavurdering” slik at det kommer frem at dette ikke er trådt i kraft enda
- tydeliggjøre at det er den lokale klagenemnda som fatter vedtak i “§ 4-1 Utstenging og bortvising”
- beskrive at rektor vurderer klagen før den eventuelt sendes vidare til klageinstansen i § 5-2»

3 Sakkunnig vurdering av utdanninga

Teksten i dette kapitlet er dei sakkunnige si vurdering. Der det står «vi», er det eit uttrykk for dei sakkunnige. Paragrafane i parentes i overskriftene viser til dei tilsvarande paragrafane i fagskoletilsynsforskrifta. Teksten i boksane er frå fagskoletilsynsforskrifta.

3.1 Oppsummering

Det omsøkte studiet har eit dekkande namn og overordna sett eit relevant innhald og læringsutbytte. Komiteen meiner likevel at tilbydar i studieplanen må gå kritisk gjennom dei samla læringsutbytteformuleringane og forbetre dei språkleg.

Tilbydar beskriv eit bredt samarbeid med yrkesfeltet og eit godt opplegg for spesialisering og fordjuping i form av rettleia praksis. Teori om entreprenørskap og innovasjon må likevel trekkast meir inn i praksis i bedrift, slik at samanhengen mellom teori og praksis blir tydelegare.

Oppfølging og fagleg rettleiing gjennom studiet verkar godt gjennomtenkt og tilrettelagt, og tilbydar beskriv relevante undervisningsformer og læringsaktivitetar for å nå læringsutbytta i studiet.

Studieplanen dekker dei punkta som NOKUT krev, og synleggjer oppbygging og organisering av studiet på ein god måte. Vi vil likevel råd til at tilbydar i studieplanen gir noko meir informasjon om undervisningsformer og læringsaktivitetar på nett, om organisering, om omfanget av fagleg rettleiing, og om forventa responstid frå lærar på innleverte oppgåvesvar og førespurnader, slik at studieplanen blir meir informativ for søkjarar og studentar.

Storleik og kompetanse i undervisningspersonalet ser ut til å være dekkande, men søkjar må sørge for at det er samsvar mellom oppgjevne stillingskategoriar og formell utdanning hos dei tilsette. Tilbydar må også legge inn i kravspesifikasjonen for undervisningspersonell at alle fagleg tilsette i studiet må ha gjennomgått innføringskurs i korleis ein skal drive nettstudiar.

Tilbydar synleggjer at dei har tilstrekkeleg infrastruktur for å drive nettstudiar og stadbaserte studiar.

3.2 Grunnleggende forutsetninger for å tilby fagskoleutdanning (§ 3-1)

3.2.1 Opptak

(1) Krav i fagskoleloven med forskrifter skal være oppfylt. NOKUT vurderer følgende krav:

- a) Grunnlag for opptak. Grunnlaget for opptak skal være relevante kvalifikasjoner på nivå 4 i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring. Søkere har krav på å få vurdert om de er kvalifisert for opptak til en utdanning på grunnlag av realkompetanse.

Vurdering

Opptaket av studenter går gjennom Nasjonalt opptakskontor for fagskular, og grunnlaget for opptak til studiet er relevant yrkesutdanning frå restaurant- og matfag i vidaregåande skule. Det er også mulegheit for realkompetansevurdering i tråd med NOKUT-forskrift § 5 og rettleiar frå Kompetanse Norge. Kompetansen til søkjaren vil bli vurdert opp mot læreplanmål i vidaregåande opplæring innan relevante programområde.

Vi meiner at innafor området «lokal mat» vil det vere produsentar og vidareforedlarar av matprodukt som har god matkompetanse i tillegg til jordbrukskompetanse. I denne målgruppa vil det kunne vere aktuelt å realkompetanse-vurdere søkjarar med utdanning frå andre programområde enn restaurant- og matfag. Innhaldet i studiet vil kunne vere fagleg relevant og aktuelt for denne målgruppa, og dei vil kunne meistre det faglege nivået og få eit godt læringsutbytte frå studiet. Rekruttering frå yrke innan restaurant- og matfaga kan vere ei utfordring på grunn av manglande rekruttering til restaurant- og matfaga i vidaregåande skole. Realkompetansevurdering for søkjarar med andre relevante studieprogram, og realkompetansevurdering knytt til kunnskap og erfaring frå arbeidsfeltet, vil kunne bidra til å auke talet på søkjarar til studiet. Tilbydar kan med fordel tydeliggjere mulegheitene for realkompetansevurdering frå andre relevante programområde i maknadsføringa si av studiet.

Konklusjon

Ja, kravet er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

3.2.2 Samarbeid med yrkesfeltet

(2) Tilbyder skal samarbeide med aktører i yrkesfeltet og delta i faglige nettverk som sikrer at utdanningens læringsutbytte er relevant for yrkesfeltet.

Vurdering

Innsendt dokumentasjon viser at tilbydar har tett og konkret samarbeid med anerkjende kommersielle aktørar og lokale aktørar. Eit utval av desse samarbeidspartnarar er: Slow food Norden, Syse gard, Voss gardsslakteri, Vossakjøt, Bioforsk Lofthus, De historiske hoteller, Hardanger fjellfisk, Hardanger Fjordfrukt, NHO reiseliv, Nortura Evanger, Ulvik frukt & cideri m.fl. Tilbydar har eit relevant nettverk lokalt og i Norge og Norden. Det er breidde i kontaktnettet, og dei representerer bedrifter innafor ulike former for produksjon, service og tenesteyting. Vi meiner at nettverket som er beskive

har samla, og kvar for seg, god fagleg kvalitet. Vi meiner tilbydar har samarbeidsavtalar som sikrar fagleg kvalitet i utdanninga og vil bidra til eit relevant læringsutbytte.

Konklusjon

Ja, kravet er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

3.2.3 Standarder, konvensjoner og avtaler

(3) Utdanningar som reguleres av nasjonale eller internasjonale standarder, konvensjoner og avtaler skal tilfredsstillast kravene i disse.

Beskrivelse

Kravet er ikkje aktuelt for denne utdanninga.

3.2.4 Praksisavtaler

(4) For utdanningar med praksis skal det foreligge avtaler som regulerer vesentlege forhold av betydning for studentene.

Vurdering

Praksis i bedrift blir beskrive gjennom korleis den skal gjennomførast, framgangsmåte, arbeidsmåtar for studenten, ansvar for rettleiing, krav til bedrifta, vurderingsform og oversikt over aktuelle samarbeidsbedrifter. Det er utarbeidd informasjon til bedrift og student, og ein praksisavtale som speglar av innhaldet i søknaden og i aktuelle vedlegg til søknaden. Praksisavtalane regulerer sentrale punkt som er viktige for studenten. Når det gjeld læringsutbyttet i praksis i bedrift viser vi til vurdering av emne 9, Entreprenørskap (i punkt 3.4.2 Utdanningens innhald og emner), der vi rår til at ein i sterkare grad knyter entreprenørskap og innovasjon til praksis i bedrift. Vi går ut frå at samarbeidsavtalane gjeld utdanninga «lokal matkultur», og at tilbydar endrar namn på utdanninga i samarbeidsavtalane.

Konklusjon

Ja, kravet er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

3.2.5 Fagskolepoeng og arbeidsmengde

(5) Utdanningen skal ha et omfang av 30, 60, 90 eller 120 fagskolepoeng.

(6) Det totale antall arbeidstimer for studentene skal normalt være mellom 1500–1800 timer per år.

Vurdering

Fagskoletilsynsforskrifta slår fast at talet på arbeidstimar for studentane skal vere mellom 1500-1800 timar per år. Den toårige utdanninga i *lokal matkultur* har lagt seg opp mot maksimumstalet med 1750 timar per år.

Deltakarane skal avlegge 30 fagskolepoeng per semester, der 57 % (498) av arbeidstimane er lærarstyrte, 43 % (378) er basert på sjølvstudium. Rekna ut frå 22 veker per semester, tyder det 40 arbeidstimar per veke. Tilbydar har etter tilråding frå NOKUT lagt inn seks veker praksis i bedrift à 35 timar per veke. Praksisen er lagt til siste halvår i utdanninga.

Konklusjon

Ja, kravet er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

3.3 Læringsutbytte (§ 3-2)

Utdanningen skal gi ett samlet læringsutbytte som er relevant for yrkesfeltet. Læringsutbyttet skal beskrive kunnskap, ferdigheter og generell kompetanse som studentene oppnår etter fullført utdanning, jf. Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring.

Vurdering

Utdanninga er på nivå 5.2 i nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR), og den vil vere relevant for kokkar, servitørar m.m. i hotell, restaurant eller i institusjonar og for ulike handverksutdanningar som arbeider med foredling av matvarer.

Det samla læringsutbyttet som studentane får etter endt utdanning gjennom tileigning av kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse, var godkjende av den sakkunnige komiteén i 2016 (i sak 16/00386).

Vi meiner likevel at fleire av læringsutbytta må forenklast og forbetrast språkleg. Fleire termar og omgrep er uklare og til dels overlappande. 'Næringsmiddelprodukt' går igjen fleire stader, for eksempel som «mat, matkultur og næringsmiddelprodukt», og det er uklart kva det tyder. Mattilsynet og Matlova snakkar om 'næringsmiddel' og bruker det synonymt med 'mat'. Vi rår derfor til å konsekvent bruke 'næringsmiddel' eller 'mat'. Vidare går 'matkvalitet' igjen i fleire utbytteformuleringar, og det burde forklarast ein eller annan stad i søknaden kva ein legg i det.

Endringsframlegga dreier seg om enkeltord, omgrep eller innhald som bør skrivast om (markert med understreking).

a) Kunnskapar:

- 1.kulepunkt: - har kunnskap om produksjon og bruk av råvarer til mat og foredlings-prosessar fram til ferdige næringsmiddel

5.kulepunkt: - har kunnskap om matfaglege omgrep, formidling og presentasjon av mat og matkultur

b) Generell kompetanse:

2. kulepunkt: - kan reflektere over etiske problemstillingar knytt til berekraftig mat

6. kulepunkt: - kan formidle kunnskap om matkultur, kunne bruke dette i næringsutvikling og vere formidlar av lokal matkultur.

Konklusjon

Nei, kravet er ikkje oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Tilbydar må

- gå gjennom dei samla læringsutbytteformuleringane og forbetre dei språkleg.

3.4 Utdanningens innhold og oppbygning (§3-3)

3.4.1 Utdanningens navn

(1) Utdanningens navn skal være dekkende for innholdet og det læringsutbyttet utdanningen gir.

Vurdering

Tilbydar har endra namnet på utdanninga, slik den forrige sakkunnige komiteen foreslo.

Det hadde det vore på plass med ei nærare avklaring på kva ein meiner med «matkultur», for det blir ikkje gjort tydeleg greie for i søknaden. I grunngjevinga over står det mellom anna «mathandverk, kultur og mattradisjonar», så ein kan spørje seg om ikkje dette er dekkande for kva som inngår i matkulturen. Verdiar, idear, førestillingar og handlingsmønster knytt til mat og måltider er også aspekt ved matkultur som ikkje inngår i utdanninga. Vi vil derfor tilrå at det blir gjort tydeleg kva tilbydar legg i *matkultur* i denne utdanninga, til dømes: «*med lokal matkultur meiner vi produksjon, foredling og bruk av mat med vekt på tradisjonane innanfor eit geografisk område*».

Konklusjon

Ja, kravet er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Tilbydar bør

- innleie studieplanen med ein tydeleg definisjon på kva som er meint med *lokal matkultur* i denne utdanninga.

3.4.2 Utdanningens innhold og emner

(2) Utdanningens innhold skal være egnet for å nå læringsutbyttet.

(3) De ulike emnene skal til sammen bidra til at studentene oppnår utdanningens totale læringsutbytte.

Vurdering

Utdanninga er bygd opp med fire grunnleggande emne (1-4), fire spesial-/breiddeemne (5-8) og to spesialiseringsemne (9-10) det siste semesteret. Vi ser fordelane det kan vere at studentane får god breiddekunnskap i fleire produksjonar og foredlingsmåtar for mat, særleg for dei som i hovudsak skal formidle og selje ulike matprodukt. Generelt for pensum i alle emna er at tilbydaren vil ha nytte av å søkje råd om litteratur hos fagfolk ved andre institusjonar.

Emne 1: Matproduksjon og aktivitet, 14 fagskolepoeng

Vurdering

Emnet blei godkjent av den sakkunnige komiteen i fjor. I vår gjennomlesing fann vi at vi vil tilrå ein språkleg og innholdsmessig gjennomgang av læringsutbytta m.m. før den leggst ut.

Om vurderingsforma står det i studieplanen side 18 at «Det vert ein større avsluttande emneprøve som omfattar alle tema i emnet». Ein annan stad står det at vurdering i emna 1-3 skal vere ein standpunktarakter. Tilbydar bør forklare tydelegare kva som ligg i «ei større avsluttande emneprøve». Endringane som vi har foreslått i dei overordna læringsutbytta, gjeld også her. Se kapittel 3.3 Læringsutbytte.

Konklusjon

Ja, kravet er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Tilbydar bør

- gjere ein kritisk gjennomgang av teksten i læringsutbytta i emne 1
- forklare tydelegare kva som ligg i «ei større avsluttande emneprøve»

Emne 2: Yrkesretta realfag, 10 fagskolepoeng

Vurdering

Læringsutbyttet i emnet er grunnleggande viktig for produksjon og vidareforedling av matvarer. Emnet er også viktig for å kunne utvikle nye produkt. Læringsutbyttet knytt til kunnskapar er svært omfattande, og vår tilråding er å vurdere kva som er mest relevant for studentgruppa og den enkelte studenten.

Vi meiner innhald og læringsutbyttet i emnet er tilfredsstillande.

Konklusjon

Ja, kravet er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Emne 3: Mat og kommunikasjon, 10 fagskolepoeng

Vurdering

Emnet tar i følgje studieplanen for seg temaa mathistorie, matkultur, kommunikasjon, formidling og presentasjon. Emnet blei godkjent av dei sakkunnige i 2016, men vi rår også her til nokre endringar. Ordbruken og omgrepa (i læringsutbytteformuleringane s. 20 i studieplanen) bør vurderast. Her er nokre endringsframlegg (markert med understreking):

- a) Læringsutbytte, kunnskapar
1.kulepunkt – har kunnskap om hovudtrekka (ikkje særprega) ved norsk...
- b) Læringsutbytte, ferdigheiter
4. kulepunkt – Vi meiner det er tvilsamt om det er dekning i utdanninga til at studenten «kan vere kritisk til kjeldeopphav og kjeldebruk».
- c) Vurderingsform
Standpunkt og emneprøve bør skrivast tydelegare.
- d) Litteratur – nokre av dei oppsette boktitlane kan ikkje reknast som faglege.
Vi saknar bøker som for eksempel:
Augustinussen, R. m.fl. (1999). Matkultur i Norden en kokebok. Nordisk samarbeidskomite. Lund
Notaker, H. (2006). Mat og måltid. Oslo
Notaker, H. (2012). Kokken og skriveren. Oslo (s. 179-224, 274-307)

Konklusjon

Nei, kravet er ikkje oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Tilbydar må

- korrigere læringsutbytteformuleringane i emne 3

Tilbydar bør

- vurdere den oppsette litteraturen
- formulere vurderingsforma klarare

Emne 4: LØM-emnet, 10 fagskolepoeng

Vurdering

Innhald og læringsutbytte framstår som aktuelle, men det vil vere viktig at læringsutbytta knytast konkret opp mot matbransjen, slik at det blir opplevd som relevant for studentane. Vi meiner at kravet til emnet er oppfylt.

Konklusjon

Ja, kravet er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Emne 5: Produksjon og foredling av planter til mat, 12 fagskolepoeng

Vurdering

Lokal mat tar i stor grad utgangspunkt i sjølvdyrka produkt, og dette emnet bidrar til at ein i utdanninga følgjer produkta «frå jord til bord». Læringsutbyttet er knytt til aktuell planteproduksjon og vidareforedling av ulike vekstar og framstår som grunnleggande for utdanninga. Vi meiner at læringsutbyttet i emne 5 er tilfredsstillande.

Konklusjon

Ja, kravet er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Emne 6: Produksjon og foredling av kjøtt og mjølk, 12 fagskolepoeng

Vurdering

Læringutbyttet er logisk samansett og oppbygd av kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse knytt til dyrehald og foredling av produkt av kjøtt og mjølk.

Konklusjon

Ja, kravet er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Emne 7: Produksjon og foredling av fisk og sjømat, 12 fagskolepoeng

Vurdering

Innhaldet i emnet framstår som grunnleggande relevant, og vi meiner at kravet er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Konklusjon

Ja, kravet er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Emne 8: Produksjon av drikkevarer, 12 fagskolepoeng

Vurdering

Emnet er praktisk innretta, og studentane skal besøkje ulike produksjons- og foredlingsbedrifter. Vi meiner at læringsutbytta er relevante for temaa i emnet, og det vil kunne gje studentane ei god forståing av ulike typar produksjon. Teori og praktiske øvingar på skolen og besøk i bedrift vil samla kunne gje eit tilfredsstillande læringsutbytte.

Konklusjon

Ja, kravet er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Emne 9: Entreprenørskap, 18 fagskolepoeng

Vurdering

I emnet Entreprenørskap skal studentane ha seks vekers praksis i bedrift. Til emnet er det knytt eitt fast læringsutbytte, og i tillegg skal studenten velje 1-2 andre læringsutbytte frå alle emna. Det faste læringsutbyttet er: «Kandidaten har spesialisering innan vertskap, produksjon og/eller foredling av råvarer gjennom praksis i bedrift.»

Vi meiner at det er positivt at studenten får muligheit til å spesialisere seg innanfor eige interesseområde for å få eit relevant læringsutbytte, samtidig som dette vil kunne vere motiverande for studenten. Emnet har hovudfokus på entreprenørskap, og i tillegg til spesialisering bør dei andre læringsutbytta i emnet også vere tydeleg knytte til entreprenørskap, utvikling og innovasjon. Dette kan ein oppnå ved å knyte eit læringsutbytte til utvikling eller vidareutvikling av eit produkt, og/eller ha med eit meir overordna læringsutbytte der studenten får kunnskap om innovasjonsarbeid og entreprenør-tenking i praksisbedrifta.

Teori om entreprenørskap og innovasjon må trekkast tydelegare inn i praksis i bedrift, slik at studenten ser samanhengen mellom teori og praksis, og at ho/han kan reflektere over dette i loggane som skal leverast inn frå praksisperioden.

Konklusjon

Nei, kravet er ikkje oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Tilbydar må

- få entreprenørskapstemaet tydelegare fram i praksis i bedrift

Emne 10: Hovudprosjekt, 10 fagskolepoeng

Vurdering

Emnet inneheld fagleg fordjuping og prosjektarbeid for studenten, gjerne i samarbeid med oppdragsgjevar eller bedrift. Kommunikasjon og presentasjon er ein viktig del av prosjektet. Vi meiner at læringsutbyttet i dette emnet er tilfredstillande.

Konklusjon

Ja, kravet er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

3.4.3 Studieplanen

(4) Studieplanen skal tydelig vise utdanningens innhold og oppbygning.

Vurdering

Namnet på utdanninga, *Lokal matkultur*, står på førstesida i studieplanen, og kandidattittelen *Fagteknikar i lokal matkultur* er spesifisert i punkt 1.4. Studieplanen gjer i punkt 1.1 greie for fagleg fundament og bakgrunn for studiet, og i punkt 1.2 er målgruppa for studiet, opptakskrav og yrkesmuligheiter skissert. Organisering, omfang og forventa arbeidsmengd i studiet er beskrive i studieplanens punkt 1.5. Overordna mål for studiet og læringsutbytte for utdanninga som heilheit er beskrive i punkt 1.3 i studieplanen, mens læringsutbytte-beskrivingar og fagleg innhald for kvart emne blir presentert i del 2 i studieplanen: *Emne og læringsutbytte*. Læringutbytte og fagleg innhald i praksisperioden blir presentert under emne 9 Entreprenørskap – side 29, mens formålet med, læringsutbytte for bedriftsbesøk og studieturar blir skissert under punkt 1.6, og i beskrivinga av emne 1. Matproduksjon og kvalitet.

Den indre samanhengen i utdanninga er forståeleg synleggjort i punkta 1.5-1.7 i studieplanen.

Undervisningsformer og læringsaktivitetar blir presentert overordna i punkt 1.6 i studieplanen, og litt meir konkret under omtalane av kvart emne i del 2 i studieplanen: *Emne og læringsutbytte*. Beskriving av undervisningsformer og læringsaktivitetar blir drøfta nærare i punkt 3.5.2 i denne rapporten.

Vi meiner at studieplanen bør innehalde noko meir konkret informasjon om korleis undervisningsformer og læringsaktivitetar skal organiserast på nett mellom samlingane, kva studenten kan forvente når det gjeld organisering og omfang av fagleg rettleiing, og kva som er forvente responstid frå lærar på spørsmål frå studentane og i innleverte oppgåver.

Tilbydar beskriv arbeidskrav og vurderingsordningar i studiet i punkt 1.7 i studieplanen, *Arbeidskrav og vurdering*, og meir konkret under omtalen av kvart enkelt emne.

Nedst i studieplanen presenterer tilbydar litteraturliste og aktuelle ressursar. Litteraturlista inneheldt manglar og feil (forfattar, år, titlar m.m.) og treng ny gjennomgang, slik det er peikt på i punkt 3.4.2.

I søknaden skriv tilbydar at studieplanen skal leggst tilgjengeleg på heimesida skolen har. PDF-dokumentet som inneheld studieplanen har namnet «StudieplanNordiskgastronomi.pdf», og filnamnet bør endrast når studieplanen blir lagt ut på nettsida. Studieplanen inneheld skrivefeil, som vi også har peika på allereie. Desse bør rettast.

Studieplanen ser elles ut til å dekke dei punkta som NOKUT krev. Vi vil likevel tilrå at ein følgjer merknadene (bør-punkta), slik at studieplanen blir meir informativ for søkjarar og studentar.

Konklusjon

Ja, kravet er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Tilbydar bør

- gje nettstudentar noko meir informasjon om korleis undervisningsformer og læringsaktivitetar skal organiserast på nett mellom samlingane
- gje meir konkret informasjon om organisering og omfang av fagleg rettleiing
- gje informasjon i studieplanen om forventa responstid frå lærar på innleverte oppgavesvar og førespurnader frå studentar
- språkleg gjennomgang og endring av filnamn for studieplanen

3.5 Undervisningsformer og læringsaktiviteter (§ 3-4)

3.5.1 Veiledning og oppfølging

(1) Utdanningen skal ha et pedagogisk opplegg som sikrer god veiledning og oppfølging av studentene både som gruppe og individ.

Vurdering

Rettleiing og oppfølging i studiet blir beskreve i punkt 7.1 Veiledning og oppfølging i søknaden, og blir ytterlegare beskreve i punkt 7.2 Undervisningsformer og læringsaktivitetar. Innhaldet om rettleiing og oppfølging i punkt 7.2 i søknaden er også presentert i studieplanen – under punkt 1.6.

Tilbydar skriv dette om ansvarsdelinga i personalet på utdanninga: «Klassekoordinator har hovudansvar for klassen og oppfølginga, saman med fagleg ansvarleg for utdanninga. Emnelærarane er ansvarlege for oppfølging i kvart emne, med både munnlege og skriftlege tilbakemeldingar.» Det blir også nemnt at skolen har to faste rådgjevarar som skal følgje opp studentar som har spesielle behov.

Tilbydar skriv at studentane i emne 9 Entreprenørskap og 10 Hovudprosjekt vil få tildelt fagleg rettleiar tilpassa det temaet dei ønskjer å spesialisere seg innan. Studentane skal få oppfølging og rettleiing til å sjå heilskapen i utdanninga si, og rettleiing i sjølve arbeidet knytt til praksis og prosjekt.

Når det gjeld fagleg rettleiing knytt til dei andre emna i studiet skriv tilbydar dette i punkt 7.2 i søknaden, og punkt 1.6 i studieplanen: «Emnelærer vil gje tilbakemeldingar og rettleiing knytt til

arbeidskrava i emnet. Det vil vere eit sett med tilbakemeldingar og rettleiingar til studentane. Studentane vil få skriftlege tilbakemeldingar i form av rettingar av oppgåver og innleveringar, fortløpande fagsamtalar direkte eller via telefon/Skype og kommunikasjon via e-post eller nettverksplattforma It's Learning.» Under punktet Nettutdanning med samlingar i punkt 7.2 i søknaden og punkt 1.6 i studieplanen omtalar tilbydar kva mulegheiter studentane har til fagsamtalar utanom samlingane: «Studentane får tilbod om fagsamtalar med lærarane utanom samlingane, og ein vil då i hovudsak nytte seg av Skype som verktøy i samtalan. Det vil både vere avtalte samtalar og faste tidsrom der dei ulike lærarane er tilgjengeleg for samtale.»

Oppfølging av meir overordna slag er beskrive i både søknad og studieplan: «Studentane vil få minst ein fagsamtale per semester mellom student og emnelærer med fokus på måloppnåing i emnet. Fagsamtalane vert gjort om lag midtvegs i semesteret slik at ein har fagleg grunnlag for samtale, samtidig som det er tid og arbeidsrom for endringar eller korrigeringar.»

Responstid for svar frå lærar på ein førespurnad er sett til å vere 48 timar på vekedagar, mens responstida på innleveringar (underforstått oppgåver/arbeidskrav som skal ha tilbakemelding frå lærar) er to veker. Tilbydar presiserer at det er sett av like store ressursar (med faste stillingar), til den 3-årige nettutdanninga (på deltid) som til heiltidsstudiet. Responstida er rekna som akseptabel. Tilbydar bør oppgjje forventa responstid i studieplanen, slik at studentane er klar over kva dei kan forvente, slik vi skriv i kapittel 3.4.3 Studieplanen.

Oppfølging og fagleg rettleiing gjennom studiet verkar godt gjennomtenkt og tilrettelagt, og det blir i studieplanen gjort greie for korleis rettleiing vil bli praktisert i studiet. Mykje av rettleiinga er knytt til obligatoriske arbeidskrav, og det er skissert rikeleg med fagleg rettleiing knytt til spesialiseringa i tema 9 og 10. Tilbydar har også beskrive overordna oppfølging av studieprogresjonen til studentane og oppfølging av studentar med spesielle behov. Det som ikkje kjem heilt klart fram, verken i søknaden eller studieplanen, er omfanget og organiseringa av fagsamtalar med nettstudentane. I tabellane i punkt 1.5 i søknaden ser vi at for nettstudentane er over 2/3 av tida som er sett av til lærarstyrt aktivitet og rettleiing, tilrettelagt på nett. Tilbydar forklarar, som nemnt tidlegare, at det vil bli organisert avtalte samtalar til faste tidsrom der dei ulike lærarane er tilgjengelege for samtale via Skype. Komiteen meiner at tilbydar i studieplanen bør skissere tydelegare omfanget av rettleiingssamtalar, for eksempel i form av timetal for rettleiing per semester, eller kor mange timar kvar enkelt lærar har sett av til «kontortid».

Konklusjon

Ja, kravet er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Tilbydar bør

- beskrive i studieplanen omfanget av fagsamtalane studenten kan få med lærarane utanom samlingane.

3.5.2 Undervisningsformer og læringsaktiviteter

(2) Undervisningsformer og læringsaktiviteter, herunder eventuell praksis, skal være tilpasset læringsutbyttet som skal oppnås.

Vurdering

Det pedagogiske opplegget i studiet er beskrevet i punkt 7 i søknaden og punkt 1.6 i studieplanen. *Veiledning og oppfølging* (punkt 7.1 i søknaden) dannar saman med punkt 7.2 *Undervisningsformer og læringsaktiviteter* og 7.3 *Praksis* en heilskap. Rettleiing og oppfølging blei omtala som tilfredsstillande i føregående punkt, og vi vil her derfor berre drøfte dei andre delane.

Tilbydar innleier punkt 7.2 med å skissere eit pedagogisk fundament for utdanninga. Stikkord som blir nemnt er *varierte læringsaktivitetar* og *ei praktisk tilnærming* til kvart emne som utgangspunkt for å få både teoretisk og praktisk forståing av faget og bransjen. I tillegg til fagleg utvikling legg tilbydar vekt på at studentane skal utvikle evne til *samarbeid, kommunikasjon* og *praktisk problemløysing*. Vidare skriv tilbydar at det at studentane har praktisk erfaring frå eige fagområde frå tidlegare utdanning/praksis, gjer det muleg å legge til rette for *erfaringsbaserte* og *studentsentrerte læringsformer*. Varierte læringsaktivitetar blir trekt fram som nødvendig for at studentane skal oppnå eit heilskapleg læringsutbytte som dekkjer både kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse. Generelt sett gir tilbydar inntrykk av å ha ein velgrunna og hensiktsmessig pedagogisk plattform for utdanninga.

Tilbydar beskriv læringsaktivitetar på ulike arenaer:

- Lærarstyrt undervisning og lærarstyrte førelesningar (i klasserom eller via nettundervisning)
- Praktiske demonstrasjonar med logg og refleksjon
- Praktisk arbeid i skole
- Praksis i bedrift
- Individuelle arbeidsoppgåver
- Prosjektarbeid og prosjektoppgåver (både gruppe og individuelt)
- Presentasjonar
- Bedriftsbesøk og studieturar
- Diskusjonar

I omtalen av undervisningsformer og læringsaktivitetar har tilbydar eit eige punkt om bruk av *læringsplattforma It's Learning* og korleis studiet er tilrettelagt som *nettutdanning med samlingar*. Læringsplattforma blir generelt beskrevet som eit digitalt klasserom der ein kan samarbeide og samhandle uavhengig av tid og stad. Vidare kan ein på læringsplattforma ivareta informasjonsflyt, planar og fagstoff i alle emne, lage og administrere individuelle oppgåver, testar og prøver. Studenten vil også ha si eiga mappe der både student og lærar kan følgje med på innlevert arbeid til ei kvar tid, og læraren kan følgje opp dersom framdrifta ikkje er tilfredsstillande. For gruppearbeid bruker ein gruppemappe til samskriving, oppfølging og rettleiing.

Under overskrifta *Nettutdanning med samlingar* beskriv tilbydar undervisningsformer og læringsaktivitetar basert på den treårige samlingsbaserte modellen, med seks vekesamlingar per år – til saman 18 vekesamlingar. På samlingane blir det lagt vekt på praktisk undervisning med demonstrasjonar, øvingar, bedriftsbesøk, og studieturar. Mellom samlingane vil It's Learning vere

hovudverktøy for struktur på studiet og faga. Det vil bli lagt ut dokument, oppgåver, testar, videoar, quiz og videoopptak frå førelesingar. Det vil også bli gjeve rettleiing undervegs, og tilbakemeldingar på innleverte oppgåver. Vidare beskriv tilbydar at lærarane vil produsere videoar som skal brukast i forma «omvend klasserom», og at ein vil arrangere nettbasert klasseromsundervisning/webseminar i sann-tid, der studentar kan samhandle med forelesar og andre studentar, eller kunne sjå seminaret i opptak. Studentane vil også få tilbod om fagsamtalar med lærarar via Skype mellom samlingane. Dette siste punktet blei drøfta i forrige punkt i rapporten (punkt 3.5.1).

I del 2 av studieplanen har tilbydar skissert læringsaktivitetar under kvart emne. Dei skisserte læringsaktivitetane er kort beskrive, men synest likevel å harmonere godt med læringsutbyttebeskrivingane for emna når det gjeld måla om å oppnå kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse. For eksempel legg ein i emne 1 stor vekt på at studenten skal oppnå generell kompetanse som å kunne utveksle synspunkt om bærekraftig matproduksjon, å kunne diskutere etiske spørsmål med andre innan bransjen, og å kunne reflektere kring smak og produktkvalitet. Da samsvarar det godt at læringsaktivitetane støttar opp under både å tileigne seg kunnskap, og å stimulere til refleksjon og diskusjon. Tilsvarende læringsaktivitetar finn vi også i emne 3 Mat og kommunikasjon, der forelesingar blir følgd opp av diskusjonar og praktiske øvingar i munnleg og skriftleg kommunikasjon, mens det i emne 2 Yrkesretta realfag blir lagt meir til rettes for teoriformidling og laboratorieforsøk og mindre vektlegging på diskusjon.

Komiteen har via tilbydar fått tilgang til tilbydarens It's Learning. Det ligg så langt ikkje noko undervisningsopplegg klart for dette studiet, men vi har fått tilgang til eksempel på undervisningsopplegg frå tilsvarende nettemne. Desse emna viser ein relativt utstrakt bruk av læringsplattforma til både kommunikasjon, fagformidling og vurdering. Eksempla viser at tilbydar har lagt til rette fagstoff på ein strukturert måte, med innhald i form av tekstar, oppgåver, og multimedia (både eigenprodusert video og lenker til ressursar som andre har produsert – på YouTube, NDLA og liknande). Vi såg av eksempla også at tilbydar bruker funksjonalitet under «Status og oppfølging» for innlevering og oppfølging av arbeidskrav.

I det skisserte undervisningstilbodet er det mange samlingar (ein kan nesten kalle det samlingsbasert med nettstøtte), og det er lagt opp til likt omfang av bedriftsbesøk og praksis for både dagstudiet og nettstudiet med samlingar. Det som av erfaring er mest utfordrande å få til i nettstudiar, er å lykkast med læringsaktivitetar som krev utstrakt grad av nettbasert samhandling/kommunikasjon mellom studentane. Utfordringa gjeld både synkron og asynkron samhandling. I dette studiet legg ein til rette for å bruke vekesamlingane til mellom anna praktiske øvingar, diskusjonar og presentasjonar. Dette er læringsaktivitetar som støttar opp om læringsutbytte i kategorien ferdigheiter og generell kompetanse, og det verker fornuftig av tilbydar å bruke tida på samlingane til desse læringsutbytta. Kombinert med at studiet inneheld rettleia praksis, 80 % krav til frammøte og mange arbeidskrav, gjer dette at det verkar rimeleg at det skisserte læringsutbyttet kan bli oppnådd. Vi vil likevel råde tilbydar til å skissere dei nettbaserte læringsaktivitetane meir detaljert i studieplanen. Det er viktig å gjere det klart for nettstudenten korleis tida mellom samlingane skal brukast.

Tilbydar beskriv i punktet 7.3 korleis praksis vil bli tilrettelagt for og gjennomført, og korleis tilbydar organiserer rettleiing i praksis, i samarbeid med praksisstaden. Studenten skal ha seks vekers praksis i dei to siste semestra i studiet i ei eller to bedrifter. Punktet beskriv også korleis studenten, i samarbeid med rettleiar frå skolen og praksisstaden definerer og blir følgt opp på to individuelle læringsutbytte for praksisperioden. Dette skal gje den enkelte studenten muligheit for individuell spesialisering. Alle

studentar har i tillegg til eitt fast læringsutbytte for praksis: «Kandidaten har spesialisering innan vertskap, produksjon og / eller foredling av råvarer gjennom praksis i bedrift».

Tilbydar skisserer tydeleg framgangsmåte ved praksis, krav til praksisbedrift, ansvar og krav rettleiaren har til korleis rettleiing og vurdering skal føregå i praksisen. Vi vurderer tilrettelegging for praksis som tilfredsstillande.

Konklusjon

Ja, kravet er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Tilbydar bør

- skissere nettbaserte læringsaktivitetar meir detaljert for å gjere det klarare for søkjaren til nettstudiet/nettstudenten korleis tida mellom samlingane skal brukast.

3.6 Fagmiljøet tilknyttet utdanningen (§ 3-5)

3.6.1 Undervisningspersonalets sammensetning og kompetanse

(1) Undervisningspersonalets sammensetning og samlede kompetanse skal være tilpasset utdanningen slik den er beskrevet i studieplanen. Undervisningspersonalet må samlet ha følgende kompetanse:

- a) Formell utdanning minst på samme nivå som det undervises i, innen det aktuelle fagområdet eller nærliggende fagområder. For nye fagområder der det ennå ikke tilbys tertiær utdanning, kan langvarig yrkespraksis erstatte formell utdanning.
- b) Pedagogisk kompetanse relevant for utdanningen. Minst én person skal ha formell pedagogisk utdanning og erfaring, og et særlig ansvar for utdanningens pedagogiske opplegg.
- c) Digital kompetanse relevant for utdanningen.
- d) Relevant og oppdatert yrkeserfaring.

Vurdering

Formell utdanning

Kravet om at undervisningspersonalet skal ha kompetanse på minimum bachelornivå, er absolutt oppfylt når det gjeld dei fast tilsette ved skolen. Gartnar- og agronomfag, fiskerifag, økonomi og leiing er dermed godt dekt. Dei fast tilsette på Hjeltnes har gjennomgåande høg fagleg kompetanse og tilfredsstillar såleis krava som er sett. Dei fast tilsette skal til saman dekke 1,6 av dei fire årsverka som det er behov for i utdanninga *lokal matkultur*.

2,4 årsverk skal knytast til fire stillingar som skal lysast ut. I kravspesifikasjonen frå Hordaland fylkeskommune for tilsetjing av personell er det slått fast at stillingane skal lysast ut, med mindre det finst overtallig personell i fylkeskommunen som er kvalifisert. På den bakgrunn verkar det underleg at tilbydaren har sett opp namn på fire personar som skal tilsetjast, og til og med at ein av desse skal vere

fagleg ansvarleg (vedlegg 23). Alle har fått yrkestittel adjunkt, noko som ikkje er i samsvar med den formelle kompetansen som det blir opplyst at dei har (tre har fagbrev, ein har fullført mastergrad).

Pedagogisk kompetanse og det pedagogisk ansvarlige

I kravspesifikasjonen for undervisningspersonell blir det uttrykt at det er ønskeleg med formelle pedagogiske kvalifikasjonar, men at ein også kan ha tilsette utan pedagogisk utdanning, under føresetnad av at dei tar det seinare. Relevant og oppdatert yrkeserfaring kan vege opp for manglande formell kompetanse. Dei fast tilsette ved skolen tilfredsstiller kravet til pedagogisk kompetanse, fire av dei har pedagogisk utdanning, og alle fem har lang undervisningserfaring. Vi vurderer dermed at kravet til pedagogisk kompetanse i utdanninga er oppfylt.

Den pedagogisk ansvarlege for utdanninga har både relevant utdanning og praksis for oppgåva.

Digital kompetanse

Tilbydar beskriv digital kompetanse blant dei tilsette på studietilbodet i *vedlegg 23, 24, og 25, krav til digital kompetanse i vedlegg 26 – kravspesifikasjon undervisningspersonell – sensor*. Tilbydar skisserer i punkt 8.2.2 i søknaden tiltak for kompetanseheving for undervisningspersonalet.

Av vedlegg 23, som mellom anna viser kva slags digital kompetanse dei tilsette har, ser vi at alle i undervisningspersonalet minst har grunnleggande kompetanse i standard program, mens nokre i tillegg er førde opp med «It's Learning». Ein av lærarane er IKT-ansvarleg ved Hjeltnes. I punkt 8.2.2 i søknaden beskriv tilbydar tiltak for utvikling av digital kompetanse slik: «Alle nyttilsette får opplæring i bruk av It's Learning, Smart Board og andre naudsynte digitale pedagogiske verktøy», og «Skulen har jamleg oppdateringskurs for digitale pedagogiske verktøy».

I vedlegg 24 – om pedagogisk ansvarleg ved utdanninga, står det beskrive at «ved utvikling av nytt studietilbod deltek rektor, ass. rektor, avdelingsleiar og pedagogisk ansvarleg, saman med lærarteamet». Dei har brukt felles samlingsdagar til pedagogisk utvikling og detaljplanlegging av studiet.

Det ser ut til at dei faglege tilsette som er oppførde i søknaden, har grunnleggande digital kompetanse, og at tilbydar har eit generelt innføringskurs i It's Learning og andre nødvendige verktøy. Dei har også beskrive mulegheiter for kompetanseheving, og at dei felles planlegg gjennomføringa av studiet. Vi ser det likevel som viktig at det blir laga eit *innføringskurs* for alle faglege tilsette i korleis ein skal drive nettstudiar, og at gjennomføring av eit slikt kurs inngår i kravspesifikasjonen. Det er for å sikre at nye tilsette får nødvendig opplæring i korleis dei bør organisere/strukturere nettemna på fagsidene i It's Learning (pedagogisk tilnærming på nett), og i korleis dei konkret skal bruke verktøya som er planlagde brukt i dette studiet. Tilbydar skisserer bruk av verktøy som for eksempel OmniJoin til sanntids nettmøter med mulegheit for opptak, og programvare for å lage video til bruk i omvendt undervisning (for eksempel bruk av programmet Screencast-o-matic som vi såg på It's Learning-sida til tilbydar.). I studieplanen står det at det vil bli lagt ut videoopptak frå forelesingar. Dette er teknologiar som vi veit krev ein del trening for å meistre.

Relevant og oppdatert yrkeserfaring

Personalet (både dei faste og dei tilbydar ønskjer å tilsetje), har relevant yrkeserfaring, særleg gjeld det på det matfaglege området.

Annet

Forholdstalet mellom årsverk og student er 6,25 studentar per årsverk.

Konklusjon

Nei, kravet er ikkje oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Tilbydar må

- sørge for at det er samsvar mellom oppgjevne stillingskategoriar og formell utdanning hos dei tilsette
- legge inn i kravspesifikasjonen for undervisningspersonell at alle fagleg tilsette i studiet må ha gjennomgått innføringskurs i korleis ein skal drive nettstudiar (vektlegging både på pedagogisk tilrettelegging og tekniske verktøy)

3.6.2 Praksisveiledere

(2) For utdanninger med praksis skal eksterne praksisveiledere ha kompetanse til å veilede og vurdere studentene i praksis.

Vurdering

Tilbydar har sett krav til at den som skal ha ansvar for studenten i praksis, også skal ha fagutdanning innan yrket/faget eller lang praksis i bedrift. Rettleiar i bedrift skal få god informasjon frå faglig leder om:

- studentanes tidlige læringsutbytte som er relevant for praksisperioden
- kva dei kan forvente av studenten

Rettleiar i bedrift skal også delta i planlegginga av praksis saman med rettleiar ved fagskolen og studenten. Rettleiar i bedrift må vere kjend med krava til innleveringar og vurderingsformer som studenten har. Rettleiar skal følgje opp studenten i praksis og ha tett dialog med studenten.

Vi vurderer at kravet til praksisrettleiarar er dekkande når rettleiaren ved fagskolen planlegg praksis saman med bedrifta. Han/ho har tett dialog med bedrifta undervegs i praksisperioden og følgjer opp studenten i samarbeid med bedrifta.

Konklusjon

Ja, kravet er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

3.6.3 Undervisningspersonalets størrelse og stabilitet

(3) Undervisningspersonalet må være stort og stabilt nok til å gjennomføre fastsatte læringsaktiviteter.

Vurdering

Tilbydaren skriv at fagskoleutdanninga skal ha fire undervisningsårsverk, og at dette vil dekke alle emna i utdanninga. Undervisningspersonalet tel 10 personar med relativt små stillingsprosentar (20-50 %). Berre ein tilsett skal ha 100 % stilling. Det kan verke som ei svakheit at fagskolen skal ha så mange delstillingar, men truleg er det også nødvendig for å kunne dekke alle dei ulike temaa som inngår i undervisninga.

Over halvdelen av personalet har allereie fast stilling, noko som sikrar stabilitet over tid.

Konklusjon

Ja, kravet er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

3.6.4 Faglig ansvarlig

(4) Utdanningen skal ha en faglig ansvarlig med formell faglig kompetanse. Faglig ansvarliges oppgave er å sikre at studentene gjennomfører utdanningen som beskrevet i planen og oppnår læringsutbyttet. Faglig ansvarlig må være tilsatt hos tilbyder i minimum 50 prosent stilling.

Vurdering

Den faglege ansvarlege skal ha 100 % stilling i utdanninga. Den fagansvarlege som er sett opp i søknaden, har tilfredsstillande kvalifikasjonar, men er ikkje tilsett (sjå merknader i punkt 3.6.1). I tabell 1 i vedlegg 23 er han oppført som adjunkt, mens det i rubrikken for formell utdanning blir opplyst om masterstudiar.

Konklusjon

Ja, kravet er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Tilbydar bør

- ved utlysing av stillinga sikre at den som blir tilsett har formelle kvalifikasjonar for stillinga.

3.7 Eksamen og sensur (§ 3-6)

3.7.1 Eksamens- og vurderingsordningene

(1) Eksamens- og vurderingsordningene skal være egnet til å vurdere om læringsutbyttet er oppnådd.

Vurdering

Det blir nytta varierte vurderingsformer som passar for innhald og læringsutbytte i dei enkelte emna. Det er noko utydeleg kva som konkret skal målast i munnleg eksamen, spesielt for Emne 9, som har mange forskjellige vurderingsmetodar (mappevurdering). Vi går utifrå at studenten skal målast på grunnlag av læringsutbytteformuleringane, men grunnlaget for munnleg eksamen bør gjerast tydelegare og konkretiserast noko meir for studentar og sensorar. Det vil sikre at det faglege innhaldet blir ivaretatt, og at eksamen ikkje blir for generell.

Konklusjon

Ja, kravet er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Tilbydar bør

- gjere det tydelegare kva som er utgangspunkt for innhaldet i munnleg eksamen.

3.7.2 Sensorenes kompetanse

(2) Sensorene skal ha kompetanse til å vurdere om læringsutbyttet er oppnådd.

Vurdering

Tre av dei fire oppsette sensorane har relevant yrkesutdanning på det matfaglege området, men manglar formelle undervisningskvalifikasjonar. Dei må få opplæring i vurdering av skriftlege oppgåver og prosjektarbeid. Tilbydar må gjere greie for korleis sensorar utan formell pedagogisk utdanning eller røynsler frå undervisning og vurdering skal få opplæring i sensorarbeid.

Konklusjon

Nei, kravet er ikkje oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Tilbydar må gjere greie for korleis sensorar utan formell pedagogisk utdanning eller røynsler frå undervisning og vurdering skal få opplæring i sensorarbeid.

3.8 Infrastruktur (§ 3-7)

Tilbyder skal ha lokaler, utstyr, informasjonstjenester, administrative og tekniske tjenester, IKT-ressurser og arbeidsforhold som er tilpasset utdanningen, og som utgjør et forsvarlig lærings- og arbeidsmiljø for studenter og ansatte.

Vurdering

Tilbydar beskriv infrastruktur i punkt 10.2 i søknaden og i «VEDLEGG 29 – lokalar – utstyr – IKT».

Følgjande punkt er relevant infrastruktur for den *nettbaserte delen* av studietilbodet:

- Studentane har tilgang til eit velfungerande IT-system, både nettilgang, utstyr, programvare, opplæring og personleg hjelp.
- Fagskolen har som del av Hordaland Fylkeskommune, ein stor IT-seksjon som vedlikeheld alle IT-system og lisensar.
- Både studentar og tilsette har tilgang til IT-service for hjelp og rettleiing knytt til tekniske problem, val av tekniske løysingar, og val av IT-utstyr.
- Nordnes har to faste IKT-konsulentar og ein lærling med ansvar for den daglege drifta av IKT-system, mens Hjeltnes har ein IKT-ansvarleg som kan bistå i dagleg drift.
- Formålstenlege og klare rutinar for oppfølging av studentar

Vi meiner at tilbydar synleggjer at dei har tilstrekkeleg infrastruktur for utvikling og drift av nettbaserte studiar. Det står ikkje noe spesifikt om infrastruktur for «videoopptak av forelesingar» (som omtalt aktivitet under punkt 7.2 i søknaden), men det verkar sannsynleg at dette ligg under utstyr eller programvare i punktet over, og vi vurderer at dette er tilfredsstillande.

Når det gjeld produksjonskjøkken med utstyr for matproduksjon og foredling, har tilbydar levert teikningar av undervisningskjøkken på studiestad Hjeltnes som skal byggjast, og dette ser tilfredsstillande ut. Vi set som eit vilkår at kjøkkenet blir dimensjonert på ein tilfredsstillande nivåformålstenleg måte som sikrar tilfredsstillande læringsutbytte. Det same gjeld laboratoriestyret.

Konklusjon

Ja, kravet er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

3.9 Konklusjon etter sakkunnig vurdering

Utdanninga bør ikkje godkjennast

Tilbydar må

- gå gjennom dei samla læringsutbytteformuleringane og forbetre dei språkleg
- korrigere læringsutbytteformuleringane i emne 3
- få entreprenørskapstemaet tydelegare fram i praksis i bedrift
- sørge for at det er samsvar mellom oppgjevne stillingskategoriar og formell utdanning hos dei tilsette
- legge inn i kravspesifikasjonen for undervisningspersonell at alle fagleg tilsette i studiet må ha gjennomgått innføringskurs i korleis ein skal drive nettstudiar (vektlegging både på pedagogisk tilrettelegging og tekniske verktøy)
- må gjere greie for korleis sensorar utan formell pedagogisk utdanning eller røynsler frå undervisning og vurdering skal få opplæring i sensorarbeid

Tilbydar bør

- innleie studieplanen med ein tydeleg definisjon på kva som er meint med *lokal matkultur* i denne utdanninga.
- gjere ein kritisk gjennomgang av teksten i læringsutbytta i emne 1
- forklare tydelegare kva som ligg i «ei større avsluttande emneprøve»

- vurdere den oppsette litteraturen i emne 3
- formulere vurderingsforma klarare i emne 3
- gje nettstudentar noko meir informasjon om korleis undervisningsformer og læringsaktivitetar skal organiserast på nett mellom samlingane
- gje meir konkret informasjon om organisering og omfang av fagleg rettleiing
- gje informasjon i studieplanen om forventa responstid frå lærar på innleverte oppgåvesvar og førespurnader frå studentar
- språkleg gjennomgang og endring av filnamn for studieplanen
- beskrive i studieplanen omfanget av fagsamtalane studenten kan få med lærarane utanom samlingane
- skissere nettbaserte læringsaktivitetar meir detaljert for å gjere det klarare for søkjaren til nettstudiet/nettstudenten korleis tida mellom samlingane skal brukast
- ved utlysing av stillinga sikre at den som blir tilsett har formelle kvalifikasjonar for stillinga (fagleg ansvarleg)
- gjere det tydelegare kva som er utgangspunkt for innhaldet i munnleg eksamen

4 Tilvarsrunde

NOKUT tok 18. august 2017 imot tilbakemelding frå søkjaren, på vår innleiande administrative vurdering og vurderinga til dei sakkunnige i utkast til tilsynsrapport. Under presenterer vi søkjarens tilbakemelding på den sakkunnige vurderinga, og dei sakkunnige si tilleggsvurdering av dei først underkjente krava.

4.1 Søkjarens tilbakemelding

Syner til brev datert 23.06.2017, og sender med dette tilsvar på utkast til rapport. Tilsvaret inneheld punktvisse tilbakemeldingar, og eventuelle endringar er dokumentert i vedlegga til tilsvaret.

Tilsvar - konklusjon etter innleiande vurdering:

Forskrift for Fagskolane i Hordaland er vedteke av styret 05.05.2017 og publisert på Norsk lovtidend; <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-05-05-612>.

Styret for Fagskolane i Hordaland har vedteke forskrifta etter ei høyringsrunde og tilbakemeldingane frå NOKUT i sak 17/01104, og på bakgrunn av dette er:

- “§ 2-3 Spesielle opptakskrav” tatt ut av forskrifta
- “§ 6-1 Mindre endringar i forskrifta” tatt ut av forskrifta
- “§ 3-3 Skikkavurdering” endra slik at det kjem fram at paragrafen ikkje er trådt i kraft enda som følgjer:
 - Nytt tredje ledd: (3) Denne paragraf trer ikkje i kraft før Kunnskapsdepartementet har fastsett forskrift om skikkavurdering.
- “§ 4-1 Utestenging og bortvising” er endra slik at det tydeleg kjem fram at det er den lokale klagenemnda som fattar vedtak:
 - <https://lovdata.no/forskrift/2017-05-05-612/§4-1>
- “§ 5-2 Framgangsmåte og fristar” er endra slik at det kjem fram at rektor vurderer klagen før den eventuelt vert sendt vidare til klageinstans:
 - (1) Alle klager skal sendast til den einskilde fagskule ved rektor. Rektor skal - som den som har fatta vedtak i første instans - vurdere om det er grunn til å oppheve vedtaket. Dersom rektor ikkje finn grunn til å oppheve vedtaket sender rektor klaga til handsaming for ny sensur eller til handsaming i den lokale klagenemnda.

Instruks for lokal klagenemnd for Fagskolane i Hordaland er endra slik at det kjem fram at leiar og vara for leiar ikkje kan vere tilsett ved Fagskolane i Hordaland. Oppdatert instruks som er vedteke i styret 05.05.2017 er lagt ved.

Tilsvar - sakkunnig vurdering av utdanninga

Syner til sakkyndig rapport for søknaden om godkjenning av fagskuleutdanning innan Lokal matkultur og takkar for grundig og god tilbakemelding. Vi ser at dei føreslåtte endringane vil gjere studiet betre og har i hovudsak endra våre dokument i samsvar med deira anbefalingar.

Her nemner vi dei kulepunkta som dei sakkyndige i pkt 3.9 meiner MÅ endrast og syner til kor det er gjort endringar i vedlegg:

- *Gå gjennom dei samla læringsutbytteformuleringane og forbetra dei språkleg*
Vi har forbetra dei overordna læringsutbytta språkleg, etter komiteens anbefalingar. Sjå vedlagt studieplan s 6-8
- *Korrigere læringsutbytteformuleringar i emne 3*
Vi har forbetra læringsutbytteformuleringane i emne 3, etter komiteens anbefalingar. Sjå vedlagt studieplan s 20-21

- *Få entreprenørskapstemaet tydelegare fram i praksis i bedrift*
Vi har teke inn eit ekstra fast læringsutbytte for praksis i bedrift, for å sikre at entreprenørskapstemaet kjem meir med i praksis. Det vert då 2 felles læringsutbytte for praksis i bedrift, i tillegg skal studentane velje 1-2 eigne mål. I dette emnet skal det og gjennomførast praktiske prosjekt i skule, der dei får enda praksis knytt til entreprenørskapstemaet. For endringar sjå vedlegg praksis i bedrift.
- *Sørge for at det er samsvar mellom oppgjevne stillingskategoriar og formell utdanning hos dei tilsette*
Det er mange stillingar til dette nye studiet, som ikkje er tilsett. Ved tilsetjingar skal ein følgje rutineane for Fagskolen i Hordaland og kravspesifikasjonane for undervisningspersonell og sensorar på Lokal matkultur. Sjå vedlegg kravspesifikasjon undervisningspersonell – sensor. Vedlagt tabell 1 syner no berre dei som er tilsette i Hordaland fylkeskommune og stillingsstørrelsar som det er trong for å tilsetje.
- *Legge inn i kravspesifikasjonen for undervisningspersonell at alle fagleg tilsette i studiet må ha gjennomgått innføringskurs i korleis dei skal drive nettstudiar (vektlegging både på pedagogisk tilrettelegging og tekniske verktøy)*
Undervisningspersonell skal gjennom innføringskurs for nettstudiar, som omfattar både teknisk bruk av pedagogiske verktøy og pedagogisk tilrettelegging. Dette var beskrive i sjølve søknaden og er no teke inn i kravspesifikasjonane. Fagskolen i Hordaland har og fått midlar til E-læringsprosjekt og skal verte enda betre på å drive nettstudiar. Dette kjem også denne utdanninga til gode. Sjå vedlegg kravspesifikasjon undervisningspersonell - sensor
- *Må gjere greie for korleis sensorar utan formell pedagogisk utdanning eller røynsle frå undervisning og vurdering skal få opplæring i sensorarbeid*
Fagskolen i Hordaland planlegg å utvikle eit nettkurs for sensorar, e-læringskurs med kvittering, som dei må gjennom i framkant av sensorarbeidet. Dette er ikkje klart pr i dag, men vert jobba med framover.

I tillegg til Må-punkta har dei sakkyndige ein del punkt som dei meiner vi bør endre, dette har vi og funne hensiktsmessig å endre. Punkta vi bør endre i pkt 3.9 er nemnt her, saman med kor / korleis det er følgt opp:

- *Innleie studieplanen med ein tydeleg definisjon på kva som er meint med lokal matkultur i denne utdanninga*
Dette er utdjupa i innleiinga i tråd med komiteens anbefaling. Sjå vedlagt studieplan s 3
- *Gjere ein kritisk gjennomgang av læringsutbytta i emne 1*
Vi har endra på ein del ord og omgrep, etter komiteens anbefalingar. Sjå vedlagt studieplan s 17-18
- *Forklart tydelegare kva som ligg i « ei større avsluttande emneprøve»*
Her ser vi at dette kom fram litt annleis enn det var tenkt og det er endra under alle emne til at det skal gjennomførast ein emneprøve som er ein del av standpunktvurderinga i emnet. Emneprøve omfattar alle tema i emnet.
- *Vurdere den oppsette litteraturen i emne 3*
Vi har teke inn den anbefalte litteraturen og teke ut andre på lista. Sjå endringar i vedlagt studieplan s 34-35
- *Gje nettstudentar noko meir informasjon om korleis undervisningsformer og læringsaktivitetar skal organiserast mellom samlingane*

Det er teke inn i studieplanen at det skal vere ei fast forelesning, innlevering eller liknande kvar veke for nettstudentane, for å sikre kontinuerleg arbeid med studiet. Sjå vedlagt studieplan s 15.

- *Gje meir konkret informasjon om organisering og omfang av fagleg rettleiing*
Studentane får fagleg rettleiing etter behov, med inntil 2 fagsamtalar pr emne kvart semester. For emne 9 og 10 kan studenten avtale inntil 3 timar rettleiing. Sjå studieplan s 14 og 15.
- *Gje informasjon i studieplanen om forventa responstid frå lærar på innleverte oppgåvesvar og førespurnader frå studentar*
Dette sto skrevet i søknaden og er no teke inn i studieplanen. Tilbakemelding på innleveringar skal skje innan 2 veker. Responstid på andre henvendingar frå student er på 48 timar på vekedagar. Sjå vedlagt studieplan s 14.
- *Språkleg gjennomgang og endring av filnamn for studieplanen*
Noko usikkert på kva fil dei har funne med feil filnamn, men det kan gjelde ei fil med ei undersøking som vart gjort veldig tidleg i arbeidet med dette studiet og der studiet hadde eit anna namn. Sjølve undersøkinga var relevant og difor lagt ved søknaden. Tek dette til etterretning og skal sjekke aktuelle filnamn før publisering.
- *Beskrive i studieplanen omfang av fagsamtalar studentane kan få med lærar utanom samlingane*
Fagsamtalane skal skje etter behov, men kan vere inntil 2 fagsamtalar for kvart emne pr semester. For emne 9 og 10 kan studenten avtale inntil 3 timar rettleiing. Sjå studieplan s 14 og 15.
- *Skissere nettbaserte læringsaktivitetar meir detaljert for å gjere det klarare for søkjaren til nettstudie/ nettstudenten korleis tida mellom samlingane skal brukast*
Det vert ei fast digital førellesning, innleveringsoppgåve eller liknande kvar veke, for å sikre studentane ei kontinuerleg arbeid med studiet. Sjå vedlagt studieplan s 15.
- *Ved utlysing av stillinga sikre at den tilsette har formelle kvalifikasjonar for stillinga (fagleg ansvarleg)*
Fagleg ansvarleg er ikkje tilsett hjå Fagskolen i Hordaland, dette er ei stilling som skal lysast ut. Vi legg ved ny tabell 3: Fagleg ansvarleg. Nytilsetjingar skal følgje tilsetjingsrutinane for Fagskolen i Hordaland og kravspesifikasjonar for Lokal matkultur.
- *Gjere det tydlegare kva som er utgangspunkt for innhaldet i munnleg eksamen*
Utgangspunktet for munnleg eksamen er gjort tydlegare. Sjå studieplanen s 32.

Vedlegg som synleggjer endringane:

- instruks klagenemnd
- studieplan for Lokal matkultur
- praksis i bedrift
- kravspesifikasjon undervisningspersonell – sensor
- tabell 1: Undervisningspersonalet knytt til utdanninga: Lokal matkultur
- tabell 3: Fagleg ansvarleg

4.2 Sakkunnig tilleggsvurdering

Tilleggsvurdering av tilsvar til «Tilbydar må få entreprenørskapstemaet tydelegare fram i praksis i bedrift»

Tilbydar har teke inn eit fast læringsutbytte for praksis i bedrift for å sikre at entreprenørskapstemaet kjem meir med i praksis. Dette er dokumentert gjennom endringar i beskriving av praksis i bedrift, skjema for praksisavtalar, og studentanes skjema for refleksjon frå praksisperioden.

Ja, kravet er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Tilleggsvurdering av tilsvar til «Tilbydar må legge inn i kravspesifikasjonen for undervisningspersonell at alle fagleg tilsette i studiet må ha gjennomgått innføringskurs i korleis ein skal drive nettstudiar (vektlegging både på pedagogisk tilrettelegging og tekniske verktøy)»

Tilbydar har lagt inn i kravspesifikasjonen for undervisningspersonell at alle fagleg tilsette i studiet må ha gjennomgått innføringskurs i korleis ein skal drive nettstudiar.

Ja, kravet er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Tilleggsvurdering av tilsvar til «Tilbydar må gå gjennom dei samla læringsutbytteformuleringane og forbetre dei språkleg» og «Tilbydar må korrigere læringsutbytteformuleringane i emne 3»

Tilbydar har følgd kravspesifikasjonen på begge punkta om læringsutbytteformuleringar.

Ja, krava er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Tilleggsvurdering av tilsvar til «Tilbydar må sørge for at det er samsvar mellom oppgjevne stillingskategoriar og formell utdanning hos dei tilsette» og «Tilbydar må gjere greie for korleis sensorar utan formell pedagogisk utdanning eller røymsler frå undervisning og vurdering skal få opplæring i sensorarbeid»

Det er samsvar mellom oppgjevne stillingskategoriar og formell utdanning hos dei tilsette, og gjort klart korleis sensorar utan formell pedagogisk utdanning skal få opplæring i sensorarbeid.

Ja, krava er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Tilleggsvurdering av tilsvar til bør-punkta

Tilbydar har også følgd tilrådingane i bør-punkta om å gje ein tydeleg definisjon på *lokal matkultur* i denne utdanninga, sett opp meir relevant litteratur i emne 3 og presisert krava ved utlysning av stillinga som fagleg ansvarleg.

Tilbydar har vidare tatt omsyn til bør-punkta som gjeld klargjering og synleggjering av det pedagogiske opplegget for nettstudentane.

Dei følgjande bør-punkt er dekkja med utvida informasjon på side 14-15 i studieplanen: Tilbydar bør:

- gje nettstudentar noko meir informasjon om korleis undervisningsformer og læringsaktivitetar skal organiserast mellom samlingane.
- gje meir konkret informasjon om organisering og omfang av fagleg rettleiing.
- gje informasjon i studieplanen om forventta responstid frå lærar på innleverte oppgåvesvar og førespurnader frå studentar.
- beskrive i studieplanen omfang av fagsamtalar studentane kan få med lærar utanom samlingane.
- skissere nettbaserte læringsaktivitetar meir detaljert for å gjere det klarare for søkjaren til nettstudie/ nettstudenten korleis tida mellom samlingane skal brukast.

Ja, krava er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

4.3 Endeleg konklusjon frå sakkunnig komité

Utdanninga bør godkjenast.

4.4 NOKUTs administrative tilleggsvurdering av grunnleggjende forutsetningar

Fagskolane i Hordaland har retta opp i alle manglane i forskrift og instruks for lokal klagenemnd som vi peikte på i utkastet til rapport. Mellom anna avsnittet om utestenging og bortvising i forskrifta, er endra etter våre råd.

Vi ser at formuleringa «styret ved klagenemnda» også er nytta i «§ 2-3. Krav til politiattest» i forskrifta. Neste gong de skal gjere endringar i forskrifta, foreslår vi at de fjernar «styret ved» også frå denne paragrafen, for å klargjere at det er klagenemnda som fattar vedtak.

Vi ser også at § 5-2 (5) i forskrifta krev at ein skriftleg klage skal innehalde grunngjeving for klagen. De kan skrive at klagen *bør* innehalde ei grunngjeving for klagen, men dette kan ikkje vere eit krav. Vi gjorde dessverre ikkje tilbydar oppmerksom på denne mangelen i den innleiande vurderinga. Vi set som vilkår at tilbydar rettar opp i mangelen.

Krava i § 3-1 «Grunnleggjende forutsetningar for å tilby fagskoleutdanning» i fagskoletilsynsforskriften er elles oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

5 Vedtak

NOKUT vurderer dei faglege krava for godkjenning av *lokal matkultur*, 120 fagskolepoeng stadbasert undervisning og nettbasert undervisning med samlingar, ved NOKUT som oppfylt. NOKUT godkjenner derfor utdanninga.

Vedtaket gjeld utdanninga som er beskrive i søknaden av 1. mars 2017 og i tilsynsrapporten.

Vedtaket gjeld for nettbasert undervisning med samlingar og stadbasert undervisning ved studiestaden Hjeltnes.

Vedtaket er fatta med heimel i

- lov om fagskoleutdanning § 2
- forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høgere utdanning og fagskoleutdanning § 5-1 (1)

6 Dokumentasjon

Rapporten er skriva på bakgrunn av

- søknad datert 1. mars 2017, NOKUTs saksnummer 17/01103-1
- tilsvar datert 18. august 2017, NOKUTs saksnummer 17/01103-7

Vedlegg 1:

Sakkunnig komité

Krava til sakkunnige står i fagskoletilsynsforskriften, kapittel 2. Dei sakkunnige skal vurdere om søknaden oppfyller krava for godkjenning av fagskoleutdanning, jf. fagskoletilsynsforskriften kapittel 3.

Den sakkunnige komiteen har bestått av dei følgjande medlemmane:

- **Førsteamanuensis Eldbjørg Fossgard, Høgskulen på Vestlandet, avd. Bergen**
Fossgard har sidan 2010 vore tilsett som førsteamanuensis ved Høgskulen på Vestlandet, avd. Bergen, (tidlegare «Høgskolen i Bergen»). Her har ho hovudsakleg forska på mat og måltid i skole og barnehage. Fossgard har saman med kollegaar gjennomført forskingsprosjekt om mat og måltid i barnehagen, innføring av sjømat i skolen, og kartlegging av mat og måltid i SFO og vidaregåande skole. I eit tverrfagleg skulematprosjekt (ProMeal) har dei undersøkt skulematordningane i Norden, med mellom anna vektlegging på betydinga av skulemat for barns kosthold, og på barns oppfatningar og erfaringar frå ulike måltidsordningar. Fossgard si formelle utdanning er magistergrad i etnologi (kulturvitskap) frå Universitetet i Bergen og treårig lærarutdanning frå Oslo. Vidare har ho ein doktorgrad frå Universitetet i Bergen om kvinner, arbeid og sosial posisjon (*Arbeid, posisjon og holdningar. Kvinner på vestnorske gardsbruk 1930 – 1990*). Fossgard har yrkeserfaring frå konservatorarbeid, undervisning på universitet og høgskule og forskning i ulike matkulturelle tema. Ho har også skriva boka *Vossamat* (2007), saman med Henry Notaker.
- **Høgskulelektor Anne Breen, HiOA**
Breen har fagbrev som institusjonskokk, og etter dette har ho mellom anna tatt treårig yrkesfaglærarutdanning innan restaurant- og matfag og mastergrad i yrkespedagogikk frå HiOA. Breen har også ei etterutdanning i kosthald, ernæring og helse for ulike befolkningsgrupper og eit årsstudium i personalutvikling og leiing. Breen har mellom anna arbeida som kokk ved Holtekilen folkehøgskole, som assisterande kjøkkensjef ved Gardermoen Flystasjon, og som kjøkkensjef ved Nes Sykehjem. Inntil nylig jobba Breen som yrkesfaglærer ved Sentrum vidaregåande skole og lærlingkoordinator i Hedmark Fylkeskommune. Frå 2015 har ho vore tilsett som høgskulelektor ved yrkesfaglærarutdanninga for restaurant- og matfag, Høgskolen i Oslo og Akershus. Her underviser ho mellom anna i hygiene og mikrobiologi, entreprenørskap, ungdomskultur og utdanning, entreprenørielle prosessar og bransjekunnskap. Breen har også vore gjesteførelsar ved Dublin Institute of Technology, Food & Culinary Arts, med tema «traditional Norwegian food».
- **Leiar for læringsteknologi Anders Nome, Høgskolen Kristiania**
Anders Nome har jobba med nettbasert utdanning i nesten 15 år i NKS Nettstudier, både som undervisningsansvarleg, pedagogisk leiar, og utviklingssjef. Her har han hatt ansvar for alt frå administrasjon av kursportefølje, utvikling av pedagogisk strategi og pedagogisk kvalitetssikring ved utvikling og drift av nettkurs, til pedagogisk og teknisk ansvar for utvikling og drift av NKS' nettkurs og læringsplattform. No er NKS ein del av Høgskolen Kristiania, og han er no leiar for læringsteknologi der. Anders Nome har ein Master i

pedagogikk frå NTNU. Hovudoppgåva ved NTNU handla om opplæring og kommunikasjon via nye medium. Nome har også jobba som pedagogisk konsulent i Telenor og som rådgivar IKT/fjernundervisning i fleksibel lærarutdanning (PPU) ved NKH (NMBU). Han har dei siste 10 åra hatt ulike verv i Fleksibel Utdanning Norge, og sit i dag i styret. Han er også varamedlem i styret til Norgesuniversitetet.

Sakkunnige skal ikkje ha oppgåver ved fagskolen eller ha andre tilknytingar til tilbydar som kan gjere dei inhabile. Dei sakkunnige har erklært at dei ikkje er inhabile i saka.

Søklarinstusjonen har fått høve til å uttale seg om NOKUT sitt forslag til sakkunnige, og har inga merknader.

Fagskolen i Hordaland
Pb.1876
5817 BERGEN

Saksbehandler: Nicholas Johansen

Vår ref: 17/01104-12

Vår dato: 06.11.2017

Deres ref:

Deres dato:

Fagskolen i Hordaland - Vedtak om godkjenning av fagskoleutdanningen CNC og robotteknologi - Nettbasert med samlinger - 120 fagskolepoeng

Vi viser til søknaden om godkjenning av fagskoleutdanningen *CNC og robotteknologi*.

NOKUT har godkjent de administrative sidene ved utdanningen

Systemet for kvalitetssikring er godkjent. Styringsordningen og reglementet er tilfredsstillende.

Vedtaket

NOKUT anser de faglige kravene for godkjenning av *CNC og robotteknologi*, 120 fagskolepoeng nettbasert undervisning med samlinger, ved Fagskolen i Hordaland som oppfylt. NOKUT godkjenner derfor utdanningen.

Vedtaket gjelder utdanningen som er beskrevet i søknaden til fristen 1. mars 2017 og i tilsynsrapporten.

Vedtaket gjelder for studiestedet Fagskolen i Hordaland (Bergen).

Vedtaket er fattet med hjemmel i

- lov om fagskoleutdanning § 2
- forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning § 5-1 (1)

Bakgrunn for vedtaket

Vi har fattet vedtak om godkjenning basert på vår vurdering av de administrative sidene ved utdanningen, den sakkyndige rapporten, tilsvaret deres og tilleggsvurderingen fra de sakkyndige.

Godkjenningen forutsetter at dere starter opp utdanningen innen to år

Godkjenningen er gyldig fra vedtaksdatoen. Det er et vilkår for godkjenningen at utdanningen startes opp innen to år fra vedtaksdatoen. Dersom dere ikke har startet opp utdanningen innen to år, vil godkjenningen automatisk opphøre.

Dere kan søke om endringer i den godkjente utdanningen

NOKUT forventer at dere følger opp anbefalinger i den vedlagte rapporten i den videre utviklingen av utdanningen. Dersom dere gjør endringer i utdanningens samlede læringsutbytte, må dere søke NOKUT om godkjenning av endringene jf. fagskoletilsynsforskriften § 3-8. Dersom dere ellers foretar endringer som gjør at utdanningen avviker vesentlig fra det som er godkjent, må dere også søke om å få godkjent disse endringene. Ta kontakt med NOKUT dersom dere er i tvil om dere må søke om godkjenning for endringene dere gjør.

Dere kan velge om dere vil tilby utdanningen på heltid eller deltid

Dersom utdanningen er godkjent som heltidsstudium, kan dere også tilby den som deltidsstudium ved samme studiested uten å søke NOKUT. På samme måte kan dere tilby et godkjent deltidsstudium som heltidsstudium ved samme studiested. Begge disse endringene forutsetter at dere følger samme undervisningsmodell, og at utdanningen ellers er i samsvar med godkjenningen.

Dere må rapportere til Statistisk sentralbyrå og DBH Fagskolestatistikk

Statistisk sentralbyrå (SSB) vil tildele denne utdanningen en NUS-kode. Dere skal bruke koden i all rapportering til SSB og til DBH Fagskolestatistikk.

Med hilsen

Øystein Lund
tilsynsdirektør

Helén Sophie Haugen
seksjonssjef

Dokumentet er elektronisk signert.


Kopi til: DBH Fagskolestatistikk
Fagskolen i Hordaland v/Birte Markeseth Aasen
Det kongelige kunnskapsdepartement
Statens lånekasse for utdanning
Statistisk sentralbyrå Seksjon for utdanningsstatistikk

Vedlegg: CNC og robotteknologi

CNC og robotteknologi

Fagskolen i Hordaland

Oktober 2017



NOKUT kontrollerer og bidrar til kvalitetsutvikling ved fagskolene. Dette gjør vi blant annet ved å godkjenne nye fagskoletilbud. Fagskoleutdanning er en yrkesrettet utdanning på et halvt til to år, som bygger på videregående skole eller tilsvarende realkompetanse. Betegnelsen fagskoleutdanning er beskyttet gjennom fagskoleloven. For å kunne bruke betegnelsen fagskoleutdanning, må utdanningstilbudet være godkjent av NOKUT. Alle fagskoletilbud må tilfredsstillе nasjonale kvalitetsstandarder. NOKUT godkjenner også institusjonenes interne system for kvalitetssikring.

Tilbyder/Utdanningssted:	Fagskolen i Hordaland
Utdanningstilbudets navn:	CNC og robotteknologi
Nivå/fagskolepoeng:	30
Undervisningsform:	Nettbasert med samlinger
Sakkyndige:	Knut Berg Kaldestad, Kristine Ludvigsen og Ole Kristian Thoresen
Dato for vedtak:	31. oktober 2017
NOKUTs saksnummer	17/01104

Forord

Fagskoleutdanning er yrkesrettet utdanning som bygger på fullført videregående opplæring eller tilsvarende realkompetanse. Fagskoleutdanning har et omfang på minst et halvt år og maksimalt to år som heltidsutdanning. Betegnelsen fagskoleutdanning er beskyttet gjennom fagskoleloven. For å kunne bruke betegnelsen fagskoleutdanning, må utdanningstilbudet være godkjent av NOKUT.

Vurderingsprosessen starter med at en tilbyder søker NOKUT om godkjenning av et utdanningstilbud. Søknaden blir først gjenstand for en innledende vurdering, for å avklare om forutsetningene er til stede for videre behandling, jevnfør fagskoletilsynsforskriften § 3-1. I den innledende vurderingen ser NOKUT blant annet på om styringsordning og reglement er tilpasset utdanningstilbudet og om tilbyder har et tilfredsstillende system for kvalitetssikring.

Søknader som tilfredsstillende forutsetningene for behandling blir videre vurdert av eksterne, uavhengige sakkyndige oppnevnt av NOKUT. De sakkyndige vurderer søknaden opp mot de faglige kravene i fagskoletilsynsforskriften §§ 3-2 – 3-8.

Til den sakkyndige vurderingen har NOKUT oppnevnt:

- Ole Kristian Thoresen
- Knut Berg Kaldestad
- Kristine Ludvigsen

Når de sakkyndige har funnet at ett eller flere av de faglige kriteriene ikke er oppfylt på en tilfredsstillende måte, sendes et utkast til tilsynsrapport (kapittel 3 i denne rapporten) til tilbyder for kommentarer. Tilbydere kan da påpeke mangler eller misforståelser i de sakkyndiges innstilling. NOKUT tillater i tillegg mindre justeringer. De sakkyndige vurderer tilbakemeldingen fra tilbyder, før NOKUT konkluderer og fatter endelig vedtak.

I denne rapporten er alle vurderingene som danner grunnlag for godkjenningen av *CNC og robotteknologi* samlet. Tilbyder plikter å gjennomføre utdanningstilbudet slik det fremgår av denne rapporten og søknaden som ligger til grunn.

NOKUT, 31. oktober 2017

Øystein Lund
tilsynsdirektør

Innhold

1	Informasjon om søkeren	1
1.1	Informasjon om tilbyder og utdanningen	1
2	Innledende vurdering	1
2.1	Oppsummering	1
3	Sakkyndig vurdering av utdanningen	2
3.1	Oppsummering	2
3.2	Grunnleggende forutsetninger for å tilby fagskoleutdanning (§ 3-1).....	2
3.3	Læringsutbytte (§ 3-2)	5
3.4	Utdanningens innhold og oppbygning (§3-3).....	6
3.5	Undervisningsformer og læringsaktiviteter (§ 3-4).....	9
3.6	Fagmiljøet tilknyttet utdanningen (§ 3-5).....	2
3.7	Eksamen og sensur (§ 3-6)	5
3.8	Infrastruktur (§ 3-7)	7
3.9	Konklusjon etter sakkyndig vurdering	10
4	Tilsvarsrunde	12
4.1	Søkerens tilbakemelding.....	12
4.2	Sakkyndig tilleggsvurdering.....	16
4.3	Endelig konklusjon fra sakkyndig komité	16
4.4	Merknad fra NOKUTs saksbehandlere	16
5	Vedtak	17
6	Dokumentasjon	17

1 Informasjon om søkeren

1.1 Informasjon om tilbyder og utdanningen

Fagskolen i Hordaland søkte NOKUT 21. februar 2017 om godkjenning av *CNC og robotteknologi* som fagskoleutdanning. Utdanningen er på 120 fagskolepoeng som gis på heltid over to år og deltid over 3 år. Undervisningen vil være nettbasert med samlinger på Nordnes (Bergen). Det er søkt godkjenning for inntil 30 studenter.

Søker har allerede godkjente fagskoleutdanninger.

2 Innledende vurdering

Teksten i dette kapittelet er NOKUTs administrative vurdering av utvalgte grunnleggende forutsetninger som må være oppfylt for kunne tilby fagskoleutdanning. Der det forekommer «dere» er det en henvendelse til søkerinstitusjonen.

Vi har i dette dokumentet kun sett på elementer som har blitt endret som følge av endringen av fagskolelov som trådte i kraft 1. juli 2016. Paragrafene i parentes i overskriftene henviser til tilsvarende paragrafer i fagskoletilsynsforskriften. Teksten i boksene er fra fagskoletilsynsforskriften.

Vi gjør oppmerksom på at vurderingen vil være begrenset. NOKUT kan derfor senere påpeke feil og mangler dersom vi ved et fremtidig gjennomsyn avdekker det, selv om vi i denne søknadsrunden skulle finne at tilbyder oppfyller kravene.

2.1 Oppsummering

Vi finner noen forhold ved søknaden som må korrigeres, men konkluderer med at tilbyder i tilstrekkelig grad oppfyller kravene i fagskoleloven til å sendes til sakkyndig vurdering. For å få vedtak om godkjenning må forholdene påpekt i punkt 2.2.1 rettes opp i tilsvarsrunden.

Vurderingen ble oversendt tilbyder sammen med forslaget til sakkyndige komité, jf. NOKUTs sak 17/01104-2. Vi gjengir her kun konklusjonen.

Konklusjon

Søknaden går videre til sakkyndig vurdering, men for å få vedtak om godkjenning må tilbyder

- Fjerne § 2-3 Spesielle opptakskrav
- Fjerne § 6-1 Mindre endringer i forskrifta
- La det fremgå av *Instruks for klagenemnd for Fagskolane i Hordaland* at nemndas leder og vara ikke kan være ansatt ved institusjonen

Tilbyder bør

- Endre § 3-3 Skikkavurdering slik at det kommer frem at dette ikke er trådt i kraft enda
- Tydeliggjøre at det er den lokale klagenemnda som fatter vedtak i § 4-1 Utestenging og bortvising
- Beskrive at rektor vurderer klagen før den eventuelt sendes videre til klageinstansen i § 5-2

3 Sakkyndig vurdering av utdanningen

Teksten i dette kapittelet er de sakkyndiges vurdering. Der det forekommer «vi», er det et uttrykk for de sakkyndige. Paragrafene i parentes i overskriftene henviser til tilsvarende paragrafer i fagskoletilsynsforskriften. Teksten i boksene er fra fagskoletilsynsforskriften.

3.1 Oppsummering

Fagskolen i Hordaland har påpekt et behov for økt kompetanse innen elektromekaniske produksjonsprosesser i industrien. Tilbyder søker om å utvide fagskoletilbudet med en ny linje innen CNC og robotteknologi for å imøtekomme dette behovet. Det er positivt at fagskolen i Hordaland viser til bredt samarbeid og at mangelen på kompetanse ble kartlagt sammen med flere relevante parter.

Søknaden presenterer et godt utdanningstilbud, hvor den nødvendige flerfaglige kompetansen innen maskinfag, elektrofag og informasjonsteknologi er godt dekket i studiets emner. Men vi har funnet flere feil, mangler og uklarheter som må tas tak i før vi kan anbefale at utdanningen godkjennes. Vi tror at tilbyder vil kunne bruke tilsvarsrunden på å få på plass en god utdanning.

3.2 Grunnleggende forutsetninger for å tilby fagskoleutdanning (§ 3-1)

3.2.1 Opptak

(1) Krav i fagskoleloven med forskrifter skal være oppfylt. NOKUT vurderer følgende krav:

a) Grunnlag for opptak. Grunnlaget for opptak skal være relevante kvalifikasjoner på nivå 4 i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring. Søkere har krav på å få vurdert om de er kvalifisert for opptak til en utdanning på grunnlag av realkompetanse.

Vurdering

Det generelle grunnlaget for opptak er:

- Fullført og bestått videregående opplæring med relevant fagbrev/svennebrev
Eller
- Minst 5 års relevant praksis uten fagbrev, og med realkompetanse i felles allmenne fag som tilsvarer Vg1 og Vg2 i yrkesfaglige utdanningsprogram.

Søkere som kan dokumentere at de skal gjennomføre fagbrev/svennebrev etter opptaksfristen, kan tildeles plass på vilkår om bestått prøve.

Fagskoleutdanninger skal bygge på relevante utdanningsprogram i videregående opplæring. I søknaden og studieplanen angis 29 fagbrev/svennebrev fra retningen *teknologi, industri og produksjonsteknikk* (TIP) som gir grunnlag for opptak. Det fremgår hvordan realkompetansevurdering skal utføres.

Vi finner at opptak på grunnlag av TIP er tilfredsstillende. Tilbyder må imidlertid konkretisere i studieplanen hvilken type kvalifikasjoner som kan inngå i «5 års relevant arbeidserfaring»; Bestemmelsene om opptak på bakgrunn av realkompetanse bør være så godt beskrevet at en søker forstår om han/hun har mulighet til å få opptak eller ikke.

Konklusjon

Nei, kravet er oppfylt på en tilfredsstillende måte.

Tilbyder må konkretisere hva som utgjør relevant arbeidserfaring for realkompetansevurdering.

3.2.2 Samarbeid med yrkesfeltet

(2) Tilbyder skal samarbeide med aktører i yrkesfeltet og delta i faglige nettverk som sikrer at utdanningens læringsutbytte er relevant for yrkesfeltet.

Vurdering

FiH viser til prosjektsamarbeid med Høgskulen på Vestlandet, Osterøy videregående skole, Osterøy nærings samarbeid og industribedrifter. Prosjektet hadde fokus på kompetanseutvikling i CNC og robot-næringsmiljø i Hordaland og avdekket et behov for kompetanse på fagskolenivå innen dette feltet.

Det er bekreftet samarbeid med Osterøy videregående skule, 27. februar 2017. I avtalen står blant annet følgende: «Vi har avtale med Fagskolen i Hordaland om bruk av skolens verkstedhaller, relevante maskiner og undervisningsrom til bruk i undervisningen til fagskoleutdanning i *CNC og robotteknologi.*» Fra denne setningen så er det ikke klart hvilken skole som har tilgang hvor, dette fremgår ikke i avtalen.

Det er inngått samarbeidsavtaler med følgende bedrifter: Apply Leirvik, Gunnebo Anja Industrier AS, Intermec AS, K. Lerøy Metallindustri AS, Kværner på Stord, Mjøs Metallvarefabrikk AS og Wärtsilä Norway AS. Vi anser samarbeidspartnerne som tilfredsstillende for å sikre at utdanningens læringsutbytte er relevant for yrkesfeltet.

Avtalene er datert 01.03.17 og er gyldige til de sies opp av en av partene. I avtalene forplikter bedriftene seg til å:

- holde foredrag/informasjon om ulike avtalte temaer
- ta i mot besøk fra FiH på aktuelle byggeplasser/prosjekter
- kunne tilby problemstillinger/oppgaver som studentene kan bruke i hovedprosjektene sine
- kunne tilby utplasseringsmulighet for studenter i forbindelse med hovedprosjektene
- delta i evalueringsmøter hvor partene kan komme med faglige innspill

Det er lagt ved en spørreundersøkelse som retter seg mot samarbeidspartnerne, «Samarbeid med Fagskolen i Hordaland, årlig evaluering». Her kan samarbeidspartnerne gi FiH en statusoppdatering på punkter som både er generelle og er relevante for avtalen.

Søknaden omtaler ikke deltakelse i faglige nettverk og dette må tilbyder derfor redegjøre for.

Konklusjon

Nei, kravet er ikke oppfylt på en tilfredsstillende måte.

Tilbyder må

- konkretisere samarbeidsavtalen med Osterøy vidaregåande skule. Dette er punkter som må med:
 - Avtalens varighet
 - Tilgjengelighet – tidspunkt
 - Tilgjengelighet ved særskilte anledninger, for eksempel når undervisningstidspunkt må flyttes
 - Tilgjengelig utstyr
- redegjøre for hvilke relevante faglige nettverk de deltar i

3.2.3 Standarder, konvensjoner og avtaler

(3) Utdanninger som reguleres av nasjonale eller internasjonale standarder, konvensjoner og avtaler skal tilfredsstille kravene i disse.

Beskrivelse

Kravet er ikke relevant for utdanningen

3.2.4 Praksisavtaler

(4) For utdanninger med praksis skal det foreligge avtaler som regulerer vesentlige forhold av betydning for studentene.

Beskrivelse

Kravet er ikke relevant for utdanningen

3.2.5 Fagskolepoeng og arbeidsmengde

(5) Utdanningen skal ha et omfang av 30, 60, 90 eller 120 fagskolepoeng.

(6) Det totale antall arbeidstimer for studentene skal normalt være mellom 1500–1800 timer per år.

Vurdering

Utdanningen har et omfang på 120 fagskolepoeng («fp»). I søknaden er det totale antall arbeidstimer for studenter beskrevet med 1750 timer per år. 998 av disse er lærerstyrte aktiviteter og 752 egenstudier. Dette er innenfor kravet om et arbeidsomfang på 1500–1800 timer per år for fagskoleutdanninger på heltid.

I studieplanen er det satt opp en gjennomføringsmodell for studiet med emneoversikt og fagskolepoeng for ordinær og nettbasert deltidsutdanning. I denne oversikten kommer det frem antall arbeidstimer studentene må påberegne i hvert emne, fordelingen mellom undervisning/veiledning og egenarbeid, og antall fagskolepoeng pr studieenhet.

Konklusjon

Ja, kravet er oppfylt på en tilfredsstillende måte.

3.3 Læringsutbytte (§ 3-2)

Utdanningen skal gi ett samlet læringsutbytte som er relevant for yrkesfeltet. Læringsutbyttet skal beskrive kunnskap, ferdigheter og generell kompetanse som studentene oppnår etter fullført utdanning, jf. Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring.

Vurdering

Tilbyder begrunner læringsutbyttets relevans med et behov innen næringslivet på Vestlandet, og at de er utarbeidet i tett samarbeid med lokalt næringsliv og samarbeidende utdanningsinstitusjoner.

Det er utarbeidet læringsutbyttebeskrivelser (LUB) i den aktuelle søknaden for utdanningen som helhet (overordnet LUB) og for hvert enkelt emne i studieplanen.

Overordnet LUB synes å være utformet i tråd med NKR og er relevante for yrkesfeltet.

Struktur

Utdanningens overordnede LUB er tydelig inndelt i kategoriene kunnskaper, ferdigheter og generell kompetanse. Utbyttene synes å være plassert i riktig kategori, men det andre punktet under generell kompetanse synes mer å være en ferdighet.

Nivå

Det er tydelig at LUB ligger på nivå 5.2 i NKR. Dette er særlig tydelig fordi tilbyder har benyttet kjernebegrepene fra NKR (for eksempel «kan vurdere», «kan oppdatere» og «kan reflektere»).

Utformet som kompetansebeskrivelse

LUB er skrevet som en kompetansebeskrivelse: Det fremgår at utbyttene er noe kandidaten skal kunne, vite og være i stand til å gjøre ved fullført utdanning.

Faglig innhold/profil

Vi mener at LUB har en tydelig faglig profil: Innholdet i LUB er tydelig faglig tilknyttet arbeid med CNC og robotteknologi.

For en enda tydeligere fremstilling kan vi anbefale å konkretisere noe hva som er relevante «normer, standarder, lover, forskrifter og teknisk dokumentasjon» (femte punkt under *kunnskaper*).

I søknadsskjemaet har tilbyder skrevet at ingen punkter fra NKR er utelatt. Det er imidlertid to punkter fra NKR vi ikke finner i utdanningens LUB under *kunnskaper*:

- kandidaten har bransjekunnskap og kjennskap til yrkesfeltet
- kandidaten kjenner til bransjens/yrkets historie, tradisjoner, egenart og plass i samfunnet

Konklusjon

Nei, kravet er ikke oppfylt på en tilfredsstillende måte.

Tilbyder må

- legge til / gjøre rede for manglende punkter i fra NKR
 - kandidaten har bransjekunnskap og kjennskap til yrkesfeltet
 - kandidaten kjenner til bransjens/yrkets historie, tradisjoner, egenart og plass i samfunnet

Tilbyder bør

- vurdere om det andre punktet under generell kompetanse skal være en ferdighet
- å konkretisere noe hva som er relevante «normer, standarder, lover, forskrifter og teknisk dokumentasjon» (femte punkt under *kunnskaper*)

3.4 Utdanningens innhold og oppbygning (§3-3)

3.4.1 Utdanningens navn

(1) Utdanningens navn skal være dekkende for innholdet og det læringsutbyttet utdanningen gir.

Vurdering

Utdanningen *CNC og robotteknologi* skal møte industriens behov innen elektromekaniske produksjonsprosesser. I denne utdanningen refererer CNC til datastyrte sponfraskillende- og additive maskiner (slik som 3D printere) som ofte brukes i tilvirkning av maskindeler eller prototyping. «Studenten skal etter endt utdanning kunne lede utvikling av nye produksjonsprosesser, automatisere produksjonsprosesser og vedlikeholde produksjonsprosesser og maskiner.»

Kravene til sakkyndige står oppført i fagskoletilsynsforskriften kapittel 2. De sakkyndige skal vurdere om søknaden oppfyller kravene for godkjenning av fagskoleutdanning, jf. fagskoletilsynsforskriften kapittel 3.

Den sakkyndige komité har bestått av følgende medlemmer:

- **Fagleder Ole Kristian Thoresen, Fagskolen i Østfold**
Thoresen er utdannet sivilingeniør ved NTNU innen fagfeltet produktutvikling og produksjon, og har i tillegg PPU. Han jobbet i perioden 2004-2009 med teknisk salg. Fra 2009 har han vært ansatt ved fagskolen i Østfold som lærer ved TIP linjen, og fra 2014 også som fagleder for TIP og Bygg. Han underviser blant annet i temaet tilvirkningsteknikk, hvor CNC har en vesentlig plass. Thoresen har i denne perioden vært med på å utarbeide nye nasjonale planer for fagskoleutdanning innen kjemi og TIP-maskinteknikk. I rollen som fagleder har han jobbet med å implementere læringsutbytter i studieplaner og vært med på å utarbeide søknader om nye studier.
- **Chief technology officer Knut Berg Kaldestad**
Kaldestad har mastergrad i maskinteknikk og en PhD i mekatronikk. Han jobber ved Senter for forskningsdrevet innovasjon (SFI Offshore Mechatronics) ved Universitetet i Agder. Han har jobbet med programmering av roboter, deriblant freseoppgaver med offline-algoritmer for posisjonskompensasjon. Han har erfaring med Robot Operating System (ROS), ROS Industrial og Programmerbar Logisk Styling (PLS). Han har tidligere jobbet som mekaniker ved Brekkestø Nautic AS, Railcon AS og Baneservice AS.
- **Stipendiat Kristine Ludvigsen**
Kristine Ludvigsen er utdannet lærer og har en mastergrad i pedagogikk. Hun er nå medlem av forskergruppen DLC (Digital Learning Communities) og er stipendiat i pedagogikk ved Universitetet i Bergen. Hennes forskningsinteresser er ikt-støttet formativ vurdering (e-vurdering) og tilbakemelding, der ulike digitale verktøy er tatt i bruk for å synliggjøre studenters læring. Hun underviser på lærerutdanningen ved Universitetet i Bergen og har vært med å skrive kapitler i lærebøker om ikt-støttet læring, hovedsakelig for lærerstudenter og lærerutdannere. Hun har også vært knyttet til prosjektet L3D (læring, kommunikasjon og brobygging i virtuelle verdener) om bruk av 3D-verdener i læring, kommunikasjon, simulering og samhandling i nettstøttet utdanning. Tidligere har Ludvigsen vært knyttet til forskningsprosjekter om formativ vurdering, klasseledelse og IKT og om fengselsundervisning.

Sakkyndige skal ikke ha oppgaver ved fagskolen eller ha andre tilknytninger til tilbyder som kan medføre inhabilitet. De sakkyndige har erklært at de ikke er inhabile i saken.

Søkerinstitusjonen har fått anledning til å uttale seg om NOKUTs forslag til sakkyndige, og har ingen merknader.



Notat

Dato: 18.03.2018
Arkivsak: 2015/11453-123
Saksbehandlar: adelan

Til: Styret for Fagskolen i Hordaland

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Ny tilsettrepresentant i styret for Fagskolen i Hordaland

Fagskolen har kunngjort for dei tilsette gjennom it's learning at dei tilsette kunne melde inn representantar for val av ny tilsettrepresentant. Dette vart kunngjort før vinterferien, og det har vorte sendt ut påminning, men likevel er det berre kome inn to forslag på den same personen. På grunn av dette har det ikkje vore gjennomført ei avstemming, og Trude Amundsen er såleis valt som tilsettrepresentant i styret.

Trude Amundsen er tilsett ved dekksoffisersutdanninga og arbeider både på studiestaden Austevoll og i Bergen. Amundsen er valt for to år i tråd med styrevedtektene.



Arkivnr: 2015/11453-120
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	11/18	06.04.2018

Oppdatering av kvalitetssystem for Fagskolen i Hordaland

Samandrag

I samband med samanslåinga av Fagskolen i Hordaland og Hordaland helsefagskole vert det med dette lagt fram eit forslag til oppdatert kvalitetssystem for Fagskolen i Hordaland som er i tråd med ny organisering.

Forslag til vedtak

Styret for Fagskolen i Hordaland vedtek oppdatert Kvalitetssikringssystem for Fagskolen i Hordaland som er i tråd med ny organisering.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Kvalitetssikringssystem for Fagskolen i Hordaland

Fylkesrådmannen, 14.03.2018

I samband med samanslåinga av Fagskolen i Hordaland og Hordaland helsefagskole vert det med dette lagt fram eit forslag til oppdatert kvalitetssystem for Fagskolen i Hordaland som er i tråd med ny organisering.

Vidare vert det vist kva større tekstlege endringar som er gjort, men det vert ikkje vist der det berre er endra namn på fagskolen frå Fagskolane i Hordaland til Fagskolen i Hordaland. Endringar som er gjort for å endre frå fleirtal til eintal er heller ikkje vist. Vidare vert det også føreslått å endre Hordaland fagskulestyre til styret for Fagskolen i Hordaland.

Avsnitt med større endringar

Opphøveleg tekst:

1.1 Om Fagskolane i Hordaland

Fagskolane i Hordaland omfattar 27 fagskuleutdanningar knytt til 2 fagskular som er eigd av Hordaland fylkeskommune. I 2017 har Fagskolane i Hordaland om lag 1100 studentar.

Hordaland har lange tradisjonar og eit breitt tilbod av fagskuleutdanningar innan tekniske og maritime fag. Fagskolane i Hordaland har dei siste åra auka både i talet på utdanningar og talet på studentar. Hausten 2008 vart det også starta opp fagskuleutdanningar innan helse- og sosialfag, og i dag er det til saman 8 godkjende fagskuleutdanningar innan fagretninga.

Fagskolane i Hordaland har eitt felles styre, og Hordaland fylkeskommune v/opplæringsavdelinga er sekretariat for fagskulestyret. Styret for Fagskolane i Hordaland har sju faste medlemmer med like rettar; fem eigarrepresentantar, éin representant for studentane og éin representant for tilsette. Styret har 5 møte i året.

I mars 2013 vedtok fylkestinget ein skulebruksplan som la grunnlaget for ein ny fagskulestruktur. Den nye strukturen er ein sentralisert fagskulestruktur med desentraliserte tilbod i distrikta. Målet med den nye strukturen er å gjere det mogleg å oppretthalde tilbod i distrikta med studiestader under hovudeiningane. Soleis vert det mogleg å ha ein fleksibel fagskulestruktur som skal ta omsyn til lokale, regionale og nasjonale kompetansebehov.

Ny tekst:

1.1 Om Fagskolen i Hordaland

Fagskolen i Hordaland har 25 fagskuleutdanningar og er eigd av Hordaland fylkeskommune. I 2018 har Fagskolen i Hordaland om lag 1100 studentar.

Hordaland har lange tradisjonar og eit breitt tilbod av fagskuleutdanningar innan tekniske og maritime fag. Fagskolen i Hordaland har dei siste åra auka både i talet på utdanningar og talet på studentar. Hausten 2008 vart det også starta opp fagskuleutdanningar innan helse- og sosialfag, og i dag er det til saman 8 godkjende fagskuleutdanningar innan fagretninga.

Fagskolen i Hordaland har eit styre, og Hordaland fylkeskommune v/opplæringsavdelinga er sekretariat for fagskulestyret. Styret for Fagskolen i Hordaland har sju faste medlemmer med like rettar; fem eigarrepresentantar, éin representant for studentane og éin representant for tilsette. Styret har 5 møte i året.


I mars 2013 vedtok fylkestinget ein skulebruksplan som la grunnlaget for ein ny fagskulestruktur. Den nye strukturen er ein sentralisert fagskulestruktur med desentraliserte tilbod i distrikta. Målet med den nye strukturen er å gjere det mogleg å oppretthalde tilbod i distrikta med studiestader under hovudeininga.


Soleis vert det mogleg å ha ein fleksibel fagskulestruktur som skal ta omsyn til lokale, regionale og nasjonale kompetansebehov. 1. januar 2018 vart siste del av vedtaka i skulebruksplanen som omhandla fagskulen, implementert ved at Hordaland helsefagskole og Fagskolen i Hordaland vart slått saman. Tidlegare Fagskolane i Hordaland som omfatta 7 fylkeskommunale fagskular er no blitt til éin fagskule.

Kommentar:

I opphavelig tekst stod det 27 fagskuleutdanningar, og årsaka til at det no står 25, er at to utdanningar som ikkje har vore i bruk på veldig lang tid, ikkje vert rekna med i den oppdaterte teksten. Desse er utdanningane «Drift og sikkerhet» og «Elektronikk».

Opphavelig organisasjonskart:



Oppdatert organisasjonskart:

Studiestader med grå tekst er godkjende, men ikkje aktive.

Opphøveleg tekst:**2. Krav til tilfredsstillande system for kvalitetssikring**

Kvalitetssikringssystemet ved Fagskolane i Hordaland er forankra i følgjande dokument:

- Lov om fagskuleutdanning (Fagskulelova)
- Forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskoleutdanning (fagskuletilsynsforskrifta)
- Veiledning til tilbydere av fagskoleutdanning (NOKUT)

Kvalitetssikringssystemet ved Fagskolen i Hordaland er også forankra i krava i STCW-konvensjonen, og vert derfor større og meir omfattande enn kvalitetssystemet som er vedteke av styret.

Arbeidet med å sikre kvaliteten og yrkesrelevansen i fagskuleutdanningane er ei viktig oppgåve for alle aktørar knytt til Fagskolane i Hordaland og må soleis vere forankra i heile organisasjonen. Felles kvalitetssikringssystem for Fagskolane i Hordaland følgjer NOKUT sine kriterium, og representerer soleis eit minstekrav med omsyn til innhenting, rapportering og analyse av informasjon om kvaliteten ved utdanningstilboda. Variasjonen i skulane sin storleik gjer det føremålstenleg å gi den einkilde fagskule rom til å etablere kvalitetssikringssystem tilpassa deira storleik.

Ny tekst:**2. Krav til tilfredsstillande system for kvalitetssikring**

Kvalitetssikringssystemet ved Fagskolen i Hordaland er forankra i følgjande dokument:

- Lov om fagskuleutdanning (fagskulelova)
- Forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskoleutdanning (fagskuletilsynsforskrifta)
- Veiledning til tilbydere av fagskoleutdanning (NOKUT)

Kvalitetssikringssystemet ved Fagskolen i Hordaland er også forankra i krava i STCW-konvensjonen og vert difor meir omfattande enn denne systembeskrivinga. Fagskulen har eit eige web-system (EK-web) der rutinebeskrivingar, reglement, forskrift for Fagskolen i Hordaland mm. er samla. Både studentar og lærarar kan melde om avvik gjennom dette systemet; til dømes avvik om brot på HMT-rutinar, kvalitetsbrest og liknande.

Arbeidet med å sikre kvaliteten og yrkesrelevansen i fagskuleutdanningane er ei viktig oppgåve for alle aktørar knytt til Fagskolen i Hordaland og må såleis vere forankra i heile organisasjonen. Kvalitetssikringssystemet for Fagskolen i Hordaland følgjer NOKUT sine kriterium, og representerer eit minstekrav med omsyn til innhenting, rapportering og analyse av informasjon om kvaliteten ved utdanningstilboda.

Kommentar:

Punkt 2 om krav til tilfredstillande system for kvalitetssikring er endra for å passe ny organisering. Krava til STCW-konvensjonen gjeld berre fagskular som har maritim fagskuleutdanning og var difor ikkje relevant for alle under tidlegare organisering. I tillegg vert det føreslått å gi ei vidare forklaring av kva systemet som imøtekjem STCW-konvensjonen, består av.

Opphavelig tekst:**3. Mål, ansvar og aktivitetar**

Arbeidet med kvalitetssikring må ta utgangspunkt i fagskulen si kjerneverksemd; å gi studentane ei kvalitativ god og yrkesrelevant utdanning. For å oppnå dette må arbeidet med kvalitetssikring vere forankra i heile organisasjonen frå styret og sekretariatet til rektor, undervisningspersonale og studentar. Sjølv kvalitetssikringssystemet skal vere så enkelt og praktisk som mogleg. Felles verktøy for innsamling av informasjon om kvaliteten ved utdanningane skal vere lett tilgjengelege for fagskulane.

Ny tekst:**3. Mål, ansvar og aktivitetar**

Arbeidet med kvalitetssikring må ta utgangspunkt i fagskulen si kjerneverksemd; å gi studentane ei kvalitativ god og yrkesrelevant utdanning. For å oppnå dette må arbeidet med kvalitetssikring vere forankra i heile organisasjonen frå styret og sekretariatet til rektor, undervisningspersonale og studentar. Sjølv kvalitetssikringssystemet skal vere så enkelt og praktisk som mogleg.

Kommentar:

Siste setning i punkt 3 vert føreslått teke ut av di fagskulen sjølv sørger for system for innsamling av informasjon om kvaliteten ved utdanningane. Tidlegare nytta nokre skular it's learning, medan Fagskolen i Hordaland nyttar SurveyXact og er no i bruk i heile organisasjonen.

Opphavelig tekst:**3.2 Aktivitetar i kvalitetssikringsarbeidet**

Kvalitetssikringssystemet ved Fagskolen i Hordaland må organiserast på ein måte som er tilpassa skuleåret sin rytme og aktivitetar. Rapportering til styret, samt oppfølging av fagskulen må også passast inn i skuleåret på ein god måte. Det er likevel viktig å plassere ansvar og tidsfristar for å gi arbeidet klare rammer. Fagskulen må sjølv syte for ein meir konkret plan for kvalitetssikringsarbeidet (årshjul og ansvarsfordeling).

Årshjul for kvalitetssikringsarbeidet ved Fagskolen i Hordaland

Månad	Aktivitetar i kvalitetssikringsarbeidet	Ansvarleg
Januar		
Februar	Fagdag (dialogmøte) m/ Næringslivsrepresentantar Spørjeskjema – Næringslivsrepresentantar	Rektor/KS-ansvarleg
Mars		
April	Spørjeskjema – Studentane.	Rektor/KS-ansvarleg
Mai	Spørjeskjema/møte – Undervisningspersonale. Oppdatering/justering av studieplan.	Rektor/KS-ansvarleg
Juni	Spørjeskjema – Sensorane.	Rektor/KS-ansvarleg

		Avdelingsleiarar/lærarane
Juli		
August	Kvalitetsmelding frå fagskulen.	Rektor/KS-ansvarleg
September	Kvalitetsmelding frå fagskulen vert lagt fram for styret.	Sekretariat
Oktober	Oppfølging av kvalitetsmeldinga (skulebesøk).	Styret/Sekretariat/skuleeigar/ fagskulen
November	Tiltaksplan for oppfølging av kvalitet og mål for neste skuleår.	Rektor/KS-ansvarleg
November	Tiltaksplan med mål vert lagt fram for styret.	Sekretariat

Ny tekst:

3.2 Aktivitetar i kvalitetssikringsarbeidet

Kvalitetssikringssystemet ved Fagskolen i Hordaland må organiserast på ein måte som er tilpassa skuleåret sin rytme og aktivitetar. Rapportering til styret, samt oppfølging av fagskulen, må også passast inn i skuleåret på ein god måte. Det er viktig å plassere ansvar og tidsfristar for å gi arbeidet klare rammer.

Årshjul for kvalitetssikringsarbeidet ved Fagskolen i Hordaland

Månad	Aktivitetar i kvalitetssikringsarbeidet	Ansvarleg
Januar		
Februar	Fagdag (dialogmøte) m/ næringslivsrepresentantar Spørjeskjema – næringslivsrepresentantar	Rektor/Stab
Mars		
April	Spørjeskjema – studentane.	Rektor/Stab/Avdelingsleiarar
Mai	Spørjeskjema/møte – undervisningspersonale. Oppdatering/justering av studieplan.	Rektor/Stab/Avdelingsleiarar
Juni	Spørjeskjema – sensorane.	Rektor/Stab Avdelingsleiarar/Lærarane
Juli		
August	Kvalitetsmelding frå fagskulen.	Rektor/Avdelingsleiarar
September	Kvalitetsmelding frå fagskulen vert lagt fram for styret.	Sekretariat
Oktober	Oppfølging av kvalitetsmeldinga (skulebesøk).	Styret/Sekretariat/Skuleeigar/ Fagskulen
November	Tiltaksplan for oppfølging av kvalitet og mål for neste skuleår.	Rektor/Stab/Avdelingsleiarar
November	Tiltaksplan med mål vert lagt fram for styret.	Sekretariat

Kommentar:

Det vert føreslått å justere punkt 3.2 om aktivitetar i årshjulet slik at det er tilpassa ny organisering. Setninga om at skulen sjølv må syte for ein meir konkret plan for organisering av kvalitetsarbeidet vert overflødig når det berre er éin fagskule, og ein kan no tydeleggjere ansvarsfordelinga i årshjulet for kvalitetssikringsarbeidet ved Fagskolen i Hordaland i tabellen over.

Opphøveleg tekst:

4.1 Kvantitativ informasjon om utdanningstilbodet

I samband med årleg evaluering av utdanningstilboda (april-juni) ved kvar fagskule skal fagskulane hente ut kvantitativ informasjon om utdanningstilbodet frå m.a. det skuleadministrative systemet, DBH og Nasjonalt opptakskontor for fagskolen.

Den kvantitative informasjonen som vert samla og analysert skal belyse kvaliteten på utdanningstilbodet, og kan omtalast som kvalitetsindikatorar. Av di kvalitetssikringssystemet for Fagskolane i Hordaland omfattar ulike fagskular og utdanningar vil det vere føremålstenleg å velje ut nokre få felles indikatorar som alle skal omtale. Av same grunn vil det vere føremålstenleg at kvar fagskule definerer kva som er kritisk verdi for indikatorane i kvart utdanningstilbod, og som dermed bør utløyse korrigerande tiltak.

Ny tekst:

4.1 Kvantitativ informasjon om utdanningstilbodet

I samband med årleg evaluering av utdanningstilboda (april-juni) skal fagskulen hente ut kvantitativ informasjon om utdanningstilbodet frå m.a. det skuleadministrative systemet, DBH og Nasjonalt opptakskontor for fagskolen.

Den kvantitative informasjonen som vert samla og analysert, skal belyse kvaliteten på utdanningstilbodet, og kan omtalast som kvalitetsindikatorar. Av di kvalitetssikringssystemet for Fagskolen i Hordaland omfattar ulike fagretningar og utdanningar, vil det vere føremålstenleg å velje ut nokre få felles indikatorar. Av same grunn må fagskulen definere kva som er kritisk verdi for indikatorane i kvart utdanningstilbod, og som dermed bør utløyse korrigerande tiltak.

Opphavleg tekst:

4.4 Sensorane si vurdering av utdanningstilbodet

Sensorane som vert nytta til å vurdere eksamensoppgåver, skal gi si vurdering av utdanningstilbodet. Det skal nyttast eit sentralt utvikla vurderingsskjema. Skjema har få spørsmål med svaralternativ (1-6) og høve til utdjuping av eiga vurdering ved kvart spørsmål. Spørsmåla er knytt til form på eksamensoppgåvene og relevans og samanheng mellom studieplan og dei kunnskapane studentane viser i eksamensoppgåvene sine.

Ny tekst:

4.4 Sensorane si vurdering av utdanningstilbodet

Sensorane som vert nytta til å vurdere eksamensoppgåver, skal gi si vurdering av utdanningstilbodet i eit vurderingsskjema. Skjemaet har få spørsmål med svaralternativ (1-6) og høve til utdjuping av eiga vurdering ved kvart spørsmål. Spørsmåla er knytt til form og relevans på eksamensoppgåvene og samanhengen mellom studieplan og dei kunnskapane studentane viser i eksamensoppgåvene sine.

Kommentar:

I opphaveleg tekst stod det at det skulle nyttast eit sentralt utvikla vurderingsskjema, noko som viser til tidlegare organisering med fleire fagskular. Dette vert difor føreslått endra til at sensorane skal gi si vurdering av utdanningstilbodet i eit vurderingsskjema.

Opphaveleg tekst:

5. Lokal tilpassing av Kvalitetssikringssystem for Fagskolane i Hordaland

Kvalitetssikringssystem for Fagskolane i Hordaland med vedlegg er å rekne som ei overordna beskriving av kvalitetssikringsarbeidet til hovudaktørane i organisasjonen (styre, sekretariat, skuleleiing etc.). Av di fagskulane har ulik størrelse og ulike krav, er det naudsynt å finne balansen mellom overordna retningslinjer og detaljerte prosessbeskrivingar. Ved Fagskolen i Hordaland skal dette systemet kombinerast med

kvalitetssystemet som tek i vare krava i STCW-konvensjonen. Kvalitetssikringssystem for Fagskolane i Hordaland representerer soleis eit minstekrav for kva fagskulane skal gjere. Det daglege ansvaret for kvalitetssikring ligg hjå leiinga og undervisningspersonalet ved den einssilde fagskule, og dei har sjølv ansvar for å etablere eit kvalitetssikringssystem ved skulen basert på den overordna beskrivinga, og som viser korleis systemet vert nytta lokalt, t.d. knytt til studieplanrevisjon og planlegging av nytt undervisningsår. Aktivitetar og ansvar knytt til kvalitetssikringsarbeidet ved skulen skal definerast i eit årshjul.

Høve til lokal tilpassing knytt til informasjonstilfang er omtalt tidlegare, men kan oppsummerast slik:

Kvalitetsindikatorar: Den einssilde fagskule må sjølv definere kritiske verdiar for dei omtalte kvalitetsindikatorane, og kan supplerast med fleire dersom dei finn det føremålstenleg.

Spørjeskjema: Det er ikkje høve til å ta vekk spørsmål eller endre på svaralternativa med mindre spørsmålet ikkje er aktuelt for utdanninga. I nokre høve kan omgrep endrast, t.d. fagplan, namn på modul etc. Skulen kan leggje til eigne spørsmål om ønskjeleg.

Ny tekst:

5. Lokal tilpassing av Kvalitetssikringssystem for Fagskolen i Hordaland

Kvalitetssikringssystem for Fagskolen i Hordaland med vedlegg er å rekne som ei overordna beskriving av kvalitetssikringsarbeidet til hovudaktørane i organisasjonen (styre, sekretariat, skuleleiing etc.). Ved Fagskolen i Hordaland skal dette systemet kombinerast med kvalitetssystemet som tek i vare krava i STCW-konvensjonen. Kvalitetssikringssystem for Fagskolen i Hordaland representerer soleis eit minstekrav for kva fagskulen skal gjere. Det daglege ansvaret for kvalitetssikring ligg hjå leiinga og undervisningspersonalet ved fagskulen, og dei har sjølv ansvar for å etablere eit kvalitetssikringssystem ved skulen basert på den overordna beskrivinga, og som viser korleis systemet vert nytta lokalt, t.d. knytt til studieplanrevisjon og planlegging av nytt undervisningsår. Aktivitetar og ansvar knytt til kvalitetssikringsarbeidet ved skulen skal definerast i eit årshjul.

Høve til lokal tilpassing knytt til informasjonstilfang er omtalt tidlegare, men kan oppsummerast slik:

Kvalitetsindikatorar: Fagskulen må sjølv definere kritiske verdiar for dei omtalte kvalitetsindikatorane, og kan supplerast med fleire dersom skulen finn det føremålstenleg.

Spørjeskjema: Det er ikkje høve til å ta vekk spørsmål eller å endre på svaralternativa med mindre spørsmålet ikkje er aktuelt for utdanninga. Omgrep som t.d. namn på emne eller hovudprosjekt/fordjuping kan endrast. Skulen kan leggje til eigne spørsmål om ønskjeleg.

Kommentar:

Dette avsnittet skulle under tidlegare organisering gje dei einssilde fagskulane høve til å tilpasse kvalitetssikringssystemet til storleiken på fagskulen. Dette avsnittet vert difor føreslått endra som vist over for å vere tilpassa ny organisering med éin fagskule.

Nye spørsmål – studentundersøkinga:

8. Trakassering

Desse to spørsmåla vil berre bli rapportert på overordna nivå, dvs. totalt for skulen og i overordna avdelingar.

8.1. Har du i løpet av den siste månaden vore utsett for uønskt merksemd på skulen?

Dersom ja, av kven: Student, Tilsett, Vil ikkje oppgi

8.2. Og i løpet av dei siste 12 månadene, har du vore utsett for trakassering på skulen?

Dersom ja, av kven: Student, Tilsett, Vil ikkje oppgi

Kommentar:

Det vort føreslått å føye til to nye spørsmål i studentundersøkinga som omhandlar uønskt merksemd og trakassering.

Opphavelog tekst:

Spørjeskjema lærar

[Dersom skulen har fleire utdanningar skal du vidare i skjemaet svare med utgangspunkt i den utdanninga du sjølv underviser i]

Ny tekst:

Spørjeskjema lærar

[Fagskulen har fleire utdanningar, og du skal vidare i skjemaet svare med utgangspunkt i den utdanninga du sjølv underviser i.]

Kommentar:

Forklaring til lærarar i spørjeskjemaet er endra for å passe ny organisering.

Kvalitetssikringssystem

Fagskolen i Hordaland

1. Innleiing

Fagskulelova med forskrift stiller krav om at tilbydarar med godkjente fagskuletilbod skal ha tilfredsstillande interne system for kvalitetssikring som sikrar at utdanningstilbodet held kvalitet og yrkesrelevans, samt dokumenterer kvalitetssikringsarbeidet og avdekker eventuell svikt i kvaliteten.

Styret for Fagskolen i Hordaland er ansvarleg tilbydar av 25 NOKUT-godkjente fagskuleutdanningar ved Fagskolen i Hordaland. Styret har m.a. ansvar for å sikre at utdanningstilboda held tilfredsstillande kvalitet og yrkesrelevans. Det er difor utvikla eit felles kvalitetssikringssystem for Fagskolane i Hordaland. Systemet imøtekjem krava i Forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskuleutdanning (fagskuletilsynsforskrifta) kapittel 5.

I dette dokumentet vert det gitt ei overordna framstilling av kvalitetssikringssystemet med årshjul for ulike aktivitetar. Vidare vert det gjort greie for metodar og verktøy for innsamling, rapportering og analyse av informasjon om kvaliteten ved utdanningstilboda.

1.1 Om Fagskolen i Hordaland

Fagskolen i Hordaland har 25 fagskuleutdanningar og er eigd av Hordaland fylkeskommune. I 2018 har Fagskolen i Hordaland om lag 1100 studentar.

Hordaland har lange tradisjonar og eit breitt tilbod av fagskuleutdanningar innan tekniske og maritime fag. Fagskolen i Hordaland har dei siste åra auka både i talet på utdanningar og talet på studentar. Hausten 2008 vart det også starta opp fagskuleutdanningar innan helse- og sosialfag, og i dag er det til saman 8 godkjente fagskuleutdanningar innan fagretninga.

Fagskolen i Hordaland har eit styre og Hordaland fylkeskommune v/Opplæringsavdelinga er sekretariat for fagskulestyret. Styret for Fagskolen i Hordaland har sju faste medlemer med like rettar; fem eigarrepresentantar, éin representant for studentane og éin representant for tilsette. Styret har 5 møter i året.

I mars 2013 vedtok Fylkestinget ein skulebruksplan som la grunnlaget for ein ny fagskulestruktur. Den nye strukturen er ein sentralisert fagskulestruktur med desentraliserte tilbod i distrikta. Målet med den nye strukturen er å gjere det mogleg å oppretthalde tilbod i distrikta med studiestader under hovudeininga. Soleis vert det mogleg å ha ein fleksibel fagskulestruktur som skal ta omsyn til lokale, regionale og nasjonale kompetansebehov. 1. januar 2018 vart siste del av vedtaka i skulebruksplanen som omhandla fagskulen implementert ved at Hordaland helsefagskole og Fagskolen i Hordaland vart slått saman. Tidlegare Fagskolane i Hordaland som omfatta 7 fylkeskommunale fagskuler er no blitt til éin fagskule.

Figur: Organisasjonskart for Fagskolen i Hordaland



Studiestader med grå tekst er godkjente, men ikkje aktive.

2. Krav til tilfredsstillende system for kvalitetssikring

Kvalitetssikringssystemet ved Fagskolen i Hordaland er forankra i følgjande dokument:

- Lov om fagskuleutdanning (Fagskulelova)
- Forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskuleutdanning (fagskuletilsynsforskrifta)
- Veiledning til tilbydere av fagskuleutdanning (NOKUT)

Kvalitetssikringssystemet ved Fagskolen i Hordaland er også forankra i krava i STCW-konvensjonen, og vert difor meir omfattande enn denne systembeskrivinga. Fagskulen har eit eige web-system (EK-web) kor rutinebeskrivingar, reglement, forskrift for Fagskolen i Hordaland mm. er samla. Både studentar og lærarar kan melde om avvik gjennom dette systemet. Til dømes avvik om brot på HMT-rutinar, kvalitetsbrest og liknande.

Arbeidet med å sikre kvaliteten og yrkesrelevansen i fagskuleutdanningane er ei viktig oppgåve for alle aktørar knytt til Fagskolen i Hordaland og må såleis vere forankra i heile organisasjonen. Kvalitetssikringssystemet for Fagskolen i Hordaland følgjer NOKUT sine kriteria, og representerer eit minstekrav med omsyn til innhenting, rapportering og analyse av informasjon om kvaliteten ved utdanningstilboda.

3. Mål, ansvar og aktivitetar

Arbeidet med kvalitetssikring må ta utgangspunkt i fagskulen si kjerneverksemd; **å gi studentane ei kvalitativ god og yrkesrelevant utdanning.** For å oppnå dette må arbeidet med kvalitetssikring vere forankra i heile organisasjonen frå styret og sekretariatet til rektor, undervisningspersonale og studentar. Sjølve kvalitetssikringssystemet skal vere så enkelt og praktisk som mogleg. Felles verkøy for innsamling av informasjon om kvaliteten ved utdanningane skal vere lett tilgjengelege for fagskulane.

3.1 Kvalitetssikring som ein syklus

Føremålet med kvalitetssikringssystemet er å måle kvaliteten på fagskuleutdanningane, avdekke eventuell veikskap og sikre at naudsynte betringar vert gjennomført. Det er altså tale om eit system for vurdering samt oppfølging av resultatane av vurderingane. Systemet skal måle kvaliteten med jamne mellomrom, t.d. ein gong i året, og er dermed syklisk. Systemet er også ein reiskap for

kontinuerlig betring/utvikling av kvaliteten på utdanningstilboda og kan såleis omtalast som både kvalitetssyklus og ein kvalitetsspiral.

Figur: kvalitetssikring som ein syklus



Planleggings- og styringsverktøy definerer m.a. innhald og framdrift i fagskuleutdanningane. Dei mest sentrale dokument er a) **Studieplan** (plan for utdanninga sitt faglege innhald) og b) **Plan for gjennomføringa av utdanninga** (tid/stad). Andre dokument som kan ha betyding for fagskuleutdanning er nasjonale og regionale strategiplanar samt utviklingsplanar for fagskulen.

Når aktivitetar frå planleggings- og styringsverktøya har vore utført i ein periode, t.d. eitt år, vil det vere føremålstenleg å *dokumentere* den *praksis* som har vore utført og *kvaliteten* på den. Dette vert mellom anna målt ved hjelp av nøkkeldata frå skulen sitt skuleadministrative system, Nasjonalt opptakskontor og Database for høgre utdanning (DBH), i tillegg til brukarundersøking/ evalueringsskjema frå studentar, undervisningspersonale, sensorar og eksterne interessentar. Døme på andre aktuelle data er dokument og referat frå skulen sitt valde organ (studentråd) eller andre formelle/uformelle organ på fagskulen.

Dokumentasjonen på praksis og kvalitet må *summerast opp og analyserast i ei kvalitetsmelding*, t.d. i ein årleg rapport frå fagskulen til styret. Ei slik kvalitetsmelding får likevel ikkje verdi for kvaliteten på ei fagskuleutdanning før den vert følgt opp med eventuelle tiltak knytt til å avdekka veikskap og styrke ved utdanninga. Tiltaka vert del av korrigererte planleggings- og styringsverktøy for utdanninga.

3.2 Aktivitetar i kvalitetssikringsarbeidet

Kvalitetssikringssystemet ved Fagskolen i Hordaland må organiserast på ein måte som er tilpassa skuleåret sin rytme og aktivitetar. Rapportering til styret, samt oppfølging av fagskulen må også passast inn i skuleåret på ein god måte. Det er viktig å plassere ansvar og tidsfristar for å gi arbeidet klare rammer.

Årshjul for kvalitetssikringsarbeidet ved Fagskolen i Hordaland

Månad	Aktivitetar i kvalitetssikringsarbeidet	Ansvarleg
Januar		
Februar	Fagdag (dialogmøte) m/ Næringslivsrepresentantar Spørjeskjema – Næringslivsrepresentantar	Rektor/Stab
Mars		
April	Spørjeskjema – Studentane.	Rektor/Stab/Avdelingsleiarar
Mai	Spørjeskjema/møte – Undervisningspersonale. Oppdatering/justering av studieplan.	Rektor/Stab/Avdelingsleiarar
Juni	Spørjeskjema – Sensorane.	Rektor/Stab

		Avdelingsleiarar/Lærarane
Juli		
August	Kvalitetsmelding frå fagskulen.	Rektor/Avdelingsleiarar
September	Kvalitetsmelding frå fagskulen vert lagt fram for styret.	Sekretariat
Oktober	Oppfølging av kvalitetsmeldinga (skulebesøk).	Styret/Sekretariat/Skuleeigar/ Fagskulen
November	Tiltaksplan for oppfølging av kvalitet og mål for neste skuleår.	Rektor/Stab/Avdelingsleiarar
November	Tiltaksplan med mål vert lagt fram for styret.	Sekretariat

Organisering av kvalitetsarbeidet

Ansvarleg	Ansvarsområde
Styret	Har det overordna ansvaret for kvalitet og yrkesrelevans i fagskuleutdanningane. Skal, på bakgrunn av årleg kvalitetsmelding, gi fagskulen klare styringssignal/vedtak om tiltak.
Sekretariatet/skuleeigar	På vegner av styret følge opp kvalitetsutvikling av Fagskolen i Hordaland. Førebu sak med årleg kvalitetsmelding til styret. Oppfølging av fagskulen med utgangspunkt i resultatane frå den årlege kvalitetsmeldinga deira.
Rektor/leiinga/stab	Drifte/utvikle verktøy for innsamling av informasjon (spørjeskjema etc.). Har ansvar for det daglege kvalitetsarbeidet ved fagskulen og evt. meir omfattande system ved fagskulen, og ansvar for å informere tilsette og studentar om kvalitetssikringssystemet. Organisere innsamling, rapportering og analyse av informasjon om kvaliteten ved utdanningstilboda ved fagskulen. Skal systematisk henta inn tilbakemeldingar frå aktuelle bransjer/eksterne. Følgje opp resultat og analyse av evalueringar i ei kvalitetsmelding til styret. På vegner av styret revidere studieplanane ved fagskulen på bakgrunn av tilbakemeldingar frå studentar, tilsette og arbeidsliv. Rektor meldar endringar til styret i samband med tiltaksplan. Legge fram forslag til forbetringstiltak og mål for neste skuleår i ein tiltaksplan.
Undervisningspersonalet	Har det daglege ansvaret for å følgje opp kvalitetssikringssystemet for Fagskolen i Hordaland og evt. meir omfattande system ved fagskulen og sørgje for kvalitet i eige arbeid. Skal gi ei skriftleg framstilling av eiga vurdering av utdanninga (spørjeskjema).
Sensor	Skal gi ei skriftleg vurdering av utdanninga (spørjeskjema)
Studentane	Skal årleg gi sin vurdering av utdanningstilbodet (spørjeskjema). Skal bidra til betring av kvaliteten ved å nytte tilgjengelege arenaer for dialog med skuleleiing og medstudentar (t.d. studentråd).
Næringsliv/eksterne	Skal delta på periodiske dialogmøte med fagskulen.

4. Overordna føringar for kvalitetssikringssystem ved Fagskolen i Hordaland

4.1 Kvantitativ informasjon om utdanningstilbodet

I samband med årleg evaluering av utdanningstilboda (april-juni) skal fagskolen hente ut kvantitativ informasjon om utdanningstilbodet frå m.a. det skuleadministrative systemet, DBH og Nasjonalt opptakskontor for fagskolen.

Den kvantitative informasjonen som vert samla og analysert skal belyse kvaliteten på utdanningstilbodet, og kan omtalast som kvalitetsindikatorar. Av di kvalitetssikringssystemet for Fagskolen i Hordaland omfattar ulike fagretningar og utdanningar vil det vere føremålstenleg å velje ut nokre få felles indikatorar. Av same grunn må fagskolen definere kva som er **kritisk verdi for indikatorane i kvart utdanningstilbod**, og som dermed bør utløyse korrigerande tiltak.

Informasjonen skal oppsummerast og analyserast i fagskolen sin kvalitetsmelding. Kvantitativ informasjon knytt til innsatsfaktorar som t.d. undervisning (lærarressurs, undervisnings- og rettleiingstimar per student) og infrastruktur (tilgang på PC, breiband og skrivar) kan nyttast for å belyse årsaker til oppnådde verdiar på kvalitetsindikatorane. Innsatsfaktorane kan soleis vere del av korrigerande tiltak dersom det er naudsynt, jf. definerte kritiske verdiar.

4.1.1 Tal og nivå på søkjarar ved opptak

Opptak av studentar til Fagskolen i Hordaland skjer gjennom Nasjonalt opptakskontor for fagskolen. Dette gir felles kvalifikasjonskrav og reglar for poengberekning for søkjarar i heile landet. Opptak av studentar skjer berre på grunnlag av poengberekning og rangering (realkompetanse vert rekna om til poeng). Dette gir høve til å sjå både tal og poengnivå på søkjarar ved opptak til kvar fagskuleutdanning.

Talet på søkjarar til ei fagskuleutdanning kan vere ein indikator på at utdanninga har eit godt omdøme (yrkesrelevant og kvalitativt god). Dersom ei fagskuleutdanning har mange søkjarar kan dette vere med å gjere opptakskrava (poengnivåa) høge.

Fagskolen må såleis definere kritiske verdiar med omsyn til kor mange søkjarar dei har som mål å ha til kvar utdanning og kva poengnivå dei som vert tatt opp bør ha.

4.1.2 Eksamensresultat og gjennomstrømming

Eksamensresultat vert registrert i det skuleadministrative systemet og vil seie noko om studentane sitt nivå og måloppnåing knytt til kvart emne. Det skal takast ut eksamensresultat for alle emna i kvar utdanning. Høgt nivå på eksamensresultata kan tyde på høg måloppnåing, dvs. at studentane har tileigna seg den kompetansen emnet tek sikte på å gi dei. Lågt nivå på eksamensresultata kan tyde på det motsette.

Gjennomstrømming knytt til fullføring på normert tid, bestått, stryk eller avbrot. Ved registrering av studentar i det skuleadministrative systemet skal det registrerast om studenten er H=heiltid (100%), D=deltid (50%) eller N=nettstudent (67%, 2 år teken over 3 år). Dette set ramma for kva som er å rekne som normert tid for utdanninga. Dersom alle studentane består og gjennomfører utdanninga på normert tid kan dette tyde på at utdanningstilbodet er kvalitativt godt med gode rammer for undervisning og oppfølging av studenten.

Fagskolen må definere kritiske verdiar med omsyn til eksamensresultat og gjennomstrømming for kvart utdanningstilbod.

4.2 Studentane si vurdering av utdanningstilbodet

Mot slutten av skuleåret (april) skal fagskulen gi studentane høve til å gi si vurdering av utdanningstilbodet gjennom eit spørjeskjema. Det skal nyttast eit sentralt utvikla skjema med spørsmål knytt til tema som styret for Fagskolen i Hordaland ønskjer vert belyst, og med svaralternativ (1-6), men med eit kommentarfelt til slutt. Fagskulen har ikkje høve til å ta bort spørsmål i skjema med mindre spørsmålet ikkje er aktuelt for utdanninga (t.d. spørsmål om hovudprosjekt ved maritime utdanningar). Fagskulen har høve til å tilpasse einskilde omgrep (t.d. studieplan, namn, nummer på emnet), slik at det passar den aktuelle utdanninga/ fordjupinga. Sjølve innhaldet i spørsmåla og svar-alternativa skal ikkje endrast. Fagskulen har også høve til å leggje til nye spørsmål i spørjeskjemaet.

Studentvurderinga skal oppsummerast og analyserast i fagskulen sin kvalitetsmelding, og nyttast aktivt i kvalitetsarbeidet ved fagskulen.

Spørjeskjema som eit talerør for studentane si vurdering av utdanningstilboda er knytt til kvalitetssikringssystem for Fagskolen i Hordaland, medan fagskulen sin plikt til å leggje til rette for oppretting av studentorgan for å ivareta studentane sine interesser og samarbeid med leiinga er ein del av utdanningane si styringsordning og reglement, jf. Fagskulelova § 4.

4.3 Undervisningspersonalet si vurdering av utdanningstilbodet

Undervisningspersonalet skal gi ei eiga skriftleg vurdering av utdanningstilbodet. Det skal nyttast eit sentralt utvikla skjema med spørsmål knytt til tema styret ønskjer vert belyst, og med svaralternativ (1-6) og kommentarfelt. Sentrale tema er styrke og veikskap ved utdanningstilbodet både som studieplan og gjennomført aktivitet (undervisning, rettleiing og praksis).

Fagskulen har ikkje høve til å ta bort spørsmål i skjema med mindre spørsmålet ikkje er aktuelt for utdanninga (t.d. spørsmål om hovudprosjekt ved maritime utdanningar eller praksis i tekniske og maritime utdanningar). Skulen har høve til å tilpasse einskilde omgrep slik at det passar den aktuelle utdanninga/ fordjupinga. Sjølve innhaldet, spørsmåla og svaralternativa skal ikkje endrast. Fagskulen har også høve til å leggje til nye spørsmål i spørjeskjemaet.

Vurderinga skal gjennomførast mot slutten av undervisningsåret og gi undervisningspersonalet høve til å ta stilling til tilhøve (negative/positive) som vert indikert gjennom den kvantitative informasjonen og i studentane si vurdering. Dersom fagskulen ønskjer å nytte andre arenaer for vurdering kjem det som eit supplement til spørjeskjema.

Undervisningspersonale si vurdering skal oppsummerast og analyserast i fagskulen sin kvalitetsmelding og nyttast aktivt i kvalitetsarbeidet ved fagskulen.

4.4 Sensorane si vurdering av utdanningstilbodet

Sensorane som vert nytta til å vurdere eksamensoppgåver skal gi sin vurdering av utdanningstilbodet i eit vurderingsskjema. Skjemaet har få spørsmål med svaralternativ (1-6) og høve til utdjuping av eiga vurdering ved kvart spørsmål. Spørsmåla er knytt til eksamensoppgåvene si form og relevans og samanhangen mellom studieplan og dei kunnskapane studentane viser i eksamensoppgåvene sine.

Vurderingsskjema vert sendt til sensor saman med eksamensoppgåvene. Skjema skal returnerast til fagskulen saman med dei sensurerte oppgåvene.

4.5 Eksterne interessentar si vurdering av utdanningstilbodet

For å sikre at utdanningstilboda har naudsynt yrkesrelevans og samsvarar med kompetansebehov i aktuelle bransjar skal det gjennomførast periodiske **dialogmøte** mellom fagskulen og representantar frå aktuell bransje, t.d. arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonar, næringsliv, privat og offentleg verksemd og tidlegare fagskulestudentar. Desse møta skal verte gjennomført minimum kvart år.

Det skal utviklast **møterettleiar** som definerer klare tema som skal drøftast på møtet, t.d. deltakarane si vurdering av utdanninga som yrkesrelevant, tilhøva mellom opplæringsplan og gjennomført opplæring, faktisk oppnådd kunnskap etter studiet, og bransjen og studenten sitt behov for kompetanse. Møtet skal oppsummerast skriftleg og vere ein del av datagrunnlaget for skulen sin kvalitetsmelding og analyse/vurdering av kvaliteten.

I etterkant av dialogmøta skal det sendast ut eit spørreskjema til aktuelle arbeids- og næringslivsrepresentantar som gjev moglegheit for å gje tilbakemelding på spørsmål om utdanningane sin yrkesrelevans og kvalitet. Ved bruk av spørreskjema i tillegg til dialogmøter vil fagskulen kunne nå ut enda breiare og få tilbakemeldingar frå representantar som ikkje har høve til å delta på dialogmøtet.

4.6 Leiinga si samla analyse og vurdering av kvaliteten

Fagskulen har ansvar for å hente inn naudsynt kvantitativ informasjon, gjennomføre studentevaluering og syte for at undervisningspersonalet og sensorar gir ei skriftleg vurdering av utdanningstilboda ved skulen. Informasjonen skal oppsummerast og analyserast i ein **kvalitetsmelding**.

I kvalitetsmeldinga skal leiinga ved fagskulen foreta ei overordna vurdering av kvaliteten i utdanningstilbodet. Dersom fagskulen har fleire utdanningstilbod må den samla framstillinga bygge på dokumenta frå det ein skilde utdanningstilbodet. I rapporten er det viktig å synleggjere informasjonskjeldene, identifisere mogleg kvalitetssvikt/problem, skissere grunnjevne framlegg om tiltak og plassere ansvar for oppfølging. Det er også viktig å synleggjere god kvalitet.

Kvalitetsmeldinga skal vere tilgjengeleg for studentar og tilsette ved fagskulen.

4.7 Oppfølging av kvalitetsbrest og betring av kvalitet

Arbeidet med kvalitetssikring skal vere eit verktøy for kvalitetsutvikling ved fagskulen. Styret v/sekretariatet skal derfor ha minst eitt møte med fagskulen kort tid etter at kvalitetsmeldinga er handsama i styret. På skulebesøket vil oppfølging av fagskulen sin kvalitetsmelding stå i fokus. Møtet skal som hovudregel finne stad på fagskulen. Målsetjinga med skulebesøket er:

- å styrke kvaliteten på fagskuleutdanningane i fylket gjennom tett dialog og samarbeid mellom styret og fagskulen.
- støtte fagskulen i arbeidet med kvalitetssikring av fagskuleutdanningane ved fagskulen.
- gi styret informasjon og kunnskap om kvaliteten på fagskuleutdanningane ved fagskulen.

Styret v/sekretariatet har ansvar for å organisere skulebesøket. Skulebesøket skal vere førebudd og avtalt med omsyn til tidspunkt, kven som skal delta og kva som skal vere innhaldet (tema/område). På skulebesøket ønskjer styret/sekretariatet å treffe leiinga ved skulen samt representantar for studentar og tilsette. Kvart skulebesøk vert oppsummert av sekretariatet og syner kva ein har drøfta, kva resultat ein kom fram til og eventuelt kva betringstiltak ein vart samde om. Oppsummeringa vert sendt til fagskulen.

Skulebesøket skal danne grunnlag for ei tiltaksplan til styret som skal dokumentere korleis fagskulen følgjer opp kvalitetsbrest og betrar kvaliteten på utdanningstilboda ved Fagskolen i Hordaland.

Tiltaksplanen til styret skal også omtale dei overordna og lokale måla som er sett av styret for inneverande år. Desse måla er utarbeidd med bakgrunn i aktuell kvantitativ informasjon for Fagskolen i Hordaland. Måla vert årleg justert/endra eller vidareført i samband med tiltaksplanen som vert lagt fram for styret med bakgrunn i funn i kvalitetsmeldinga og ved skulebesøket.

5. Lokal tilpassing av Kvalitetssikringssystem for Fagskolen i Hordaland

Kvalitetssikringssystem for Fagskolen i Hordaland med vedlegg er å rekne som ei overordna beskriving av kvalitetssikringsarbeidet til hovudaktørane i organisasjonen (styre, sekretariat, skuleleiing etc.). Ved Fagskolen i Hordaland skal dette systemet kombinerast med kvalitetssystemet som ivaretek krava i STCW-konvensjonen. Kvalitetssikringssystem for Fagskolen i Hordaland representerer soleis eit minstekrav for kva fagskolen skal gjere. Det daglege ansvaret for kvalitetssikring ligg hjå leiinga og undervisningspersonalet ved fagskolen, og dei har sjølv ansvar for å etablere eit kvalitetssikringssystem ved skulen basert på den overordna beskrivinga, og som viser korleis systemet vert nytta lokalt, t.d. knytt til studieplanrevisjon og planlegging av nytt undervisningsår. Aktivitetar og ansvar knytt til kvalitetssikringsarbeidet ved skulen skal definerast i eit årshjul.

Høve til lokal tilpassing knytt til informasjonstilfang er omtalt tidlegare, men kan oppsummerast slik:

Kvalitetsindikatorar: Fagskolen må sjølv definere kritiske verdiar for dei omtalte kvalitetsindikatorane, og kan supplerast med fleire dersom skulen finn det føremålstenleg.

Spørjeskjema: Det er ikkje høve til å ta vekk spørsmål eller å endre på svaralternativa med mindre spørsmålet ikkje er aktuelt for utdanninga. Omgrep som t.d. namn på emne, eller hovudprosjekt/fordjuping. kan endrast. Skulen kan leggje til eigne spørsmål om ønskjeleg.

Vedlegg:

"Spørjeskjema - student"

"Spørjeskjema - lærar"

"Spørjeskjema - sensor"

"Spørjeskjema - Næringsliv"

Spørjeskjema – Student

Innleiingsvis må kvar skule legge inn relevante bakgrunnsspørsmål. Dette gjeld f. eks dersom skulen tilbyr meir enn éi fagskuleutdanning.

Døme:

Fagskolen i Hordaland:

Kva utdanning går du på?

- | | |
|----|------------------------|
| 1: | Boring |
| 2: | Havbunnsinstallasjonar |
| 3: | Dekksoffiser |
| 4: | Maskinoffiser |

Kva år går du på?

- | | |
|----|-------|
| 1: | 1. år |
| 2: | 2. år |

Eigeninnsats

Korleis vurderer du som student din eiga innsats i utdanninga?

1= svært dårleg 6= svært god

- 1 2 3 4 5 6

Kor mange timer i veka arbeider du med studie utover ordinær skuletid?

«Rullegardin»:

- 0-2
- 3-6
- 7-10
- 11-15
- 15 eller mer.

1. Innhald

Kor godt kjenner du studieplanen for utdanninga?

1=svært dårleg 6= svært godt

- 1 2 3 4 5 6

I kva grad er opplæringa du har fått i samsvar med studieplanen for utdanninga?

1= svært liten grad 6= svært stor grad

 1 2 3 4 5 6

2. Undervisninga

Kor nøgd eller misnøgd er du med organiseringa og framdrifta i opplæringa?

Emne 1

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

 1 2 3 4 5 6

Emne 2

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

 1 2 3 4 5 6

Emne 3

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

 1 2 3 4 5 6

Emne 4

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

 1 2 3 4 5 6

Emne 5

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

 1 2 3 4 5 6

Kor nøgd eller misnøgd er du med det faglege nivået på opplæringa?

Emne 1

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

 1 2 3 4 5 6

Emne 2

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

 1 2 3 4 5 6

Emne 3

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

 1 2 3 4 5 6

Emne 4

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

 1 2 3 4 5 6

Emne 5

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

 1 2 3 4 5 6

3. Arbeidsmetodar

I kva grad er du nøgd med graden av variasjon i arbeidsmetodar i undervisninga?

Emne 1

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1 2 3 4 5 6

Emne 2

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1 2 3 4 5 6

Emne 3

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1 2 3 4 5 6

Emne 4

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1 2 3 4 5 6

Emne 5

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1 2 3 4 5 6

I kva grad har dei arbeidsmetodane som har blitt nytta, vore dei riktige for at du skal ha eit godt læringsutbytte i emnet?

Emne 1

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1 2 3 4 5 6

Emne 2

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1 2 3 4 5 6

Emne 3

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1 2 3 4 5 6

Emne 4

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1 2 3 4 5 6

Emne 5

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1 2 3 4 5 6

4. Hovudprosjektet/fordjuping

I kva grad har du hatt fagleg utbytte av hovudprosjektet/fordjuping?

1= svært liten grad 6= svært stor grad

1 2 3 4 5 6

Korleis var organiseringa av hovudprosjektet/fordjupinga?

1= svært god 6= svært dårleg

1 2 3 4 5 6

Bruk hovudprosjekt om det passar, eller fordjuping om det passar.

5. Utstyr og annan infrastruktur

Kor nøgd eller misnøgd er du med tilrettelegging for bruk av IKT på skulen?

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1 2 3 4 5 6

Kor nøgd eller misnøgd er du med lokalitetane på skulen?

(Døme: klasserom, grupperom, bibliotek, kantine, skulen si plassering mm.)

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1 2 3 4 5 6

Kor nøgd eller misnøgd er du med undervisningsutstyret på skulen?

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1 2 3 4 5 6

6. Samarbeid med næringslivet

Fagskulen skal ha eit nært samarbeid med næringslivet/kommunane for å kunne halda seg oppdatert innan dei ulike fagfelte. I kva grad har du inntrykk av at skulen samarbeider godt med næringslivet/kommunane innan ditt fagfelt?

Døme på samarbeid med næringslivet/kommunane

